



# Vurdering av tre delsamlingar



## Innhold

|   |    |
|---|----|
| Innleiing.....  | 4  |
| Utarbeiding av rapporten.....                                       | 4  |
| Bakgrunn .....  | 4  |
| Prosjektarbeidet.....   | 5  |
| Forklaring av omgrep brukt i rapporten.....                         | 5  |
| Brukte forkortingar.....  | 5  |
| Significancemetoden.....  | 5  |
| Oppbygging av rapporten.....  | 6  |
| Omtale.....   | 8  |
| Kort omtale av gjenstandar .....                                    | 8  |
| Bakgrunn for vurderinga .....                                       | 8  |
| Mål.....  | 8  |
| Perspektiv.....   | 8  |
| Merknad til analysen .....  | 8  |
| Revisjon .....  | 8  |
| Utrykte kjelder.....  | 9  |
| Lom bygdamuseum .....   | 9  |
| Jutulheimen (Vågå bygdamuseum).....                                 | 12 |
| Lesja bygdemuseum .....   | 13 |
| Samlingshistorikk etter samlingane kom til museet .....             | 14 |
| Korleis blei samlingane skapte? .....                               | 14 |
| Katalogistreringshistorikk.....                                     | 15 |
| Oppbevaringshistorikk.....  | 16 |
| Omfanget av samlinga, tema og i kva grad samlinga er relevant ..... | 18 |
| Stadtilknytning.....  | 18 |
| Periodisering.....  | 19 |
| Akantus, flatskurd.....   | 20 |
| Stutt innføring i stilhistoria.....                                 | 23 |
| Tilknytning lokale produsentar .....                                | 31 |
| I kva grad er utvalet representativt.....                           | 32 |
| I kva grad er utvalet relevant .....                                | 33 |
| Kontekst.....   | 34 |
| Konteksten i innsamlinga .....                                      | 34 |

|  |    |
|--|----|
| Den nasjonale konteksten .....   | 35 |
| Den lokale konteksten .....  | 35 |
| Opplysningar frå informantar og ressurspersonar .....                  | 36 |
| Tilstand og miljø .....  | 36 |
| Andre liknande gjenstandssamlingar .....                               | 38 |
| Samanlikning av dei tre delsamlingane i utvalet.....                   | 38 |
| Relaterte objekt.....  | 39 |
| Vurdering.....   | 39 |
| Historisk verdi.....   | 40 |
| Stadtilknytning.....   | 40 |
| Lokale skurdtradisjonar .....  | 40 |
| Lokale produsentar.....  | 40 |
| Lokale grupperingar.....   | 40 |
| Periodetilknytning .....   | 40 |
| Tilknytning til stilartar.....   | 40 |
| Konklusjon .....   | 41 |
| Estetisk og kunstnarleg verdi.....                                     | 41 |
| Konklusjon .....   | 42 |
| Kunnskaps- og forskingsverdi .....                                     | 42 |
| Konklusjon .....   | 43 |
| Sosial og åndeleg verdi.....   | 43 |
| Konklusjon .....   | 44 |
| Verdivurdering for dei fire hovudkriteria. Samandrag.....              | 44 |
| Samanliknande kriterium .....  | 44 |
| Proveniens.....  | 44 |
| Konklusjon .....   | 45 |
| I kva grad er utvalet sjeldant og representativt .....                 | 46 |
| Tilstand og heilskap .....   | 47 |
| Konklusjon .....   | 47 |
| I kva grad er utvalet relevant for museet.....                         | 48 |
| Opplevingsverdi.....   | 49 |
| Verdivurdering for dei 5 samanliknande kriteria. Samandrag .....       | 50 |
| Vurdering av hovudkriteria og samanliknande kriterium. Samandrag ..... | 50 |
| Konklusjon og samandrag .....  | 51 |

|                                  |    |
|----------------------------------|----|
| Tiltak og bortkomne objekt ..... | 53 |
| Erfaringar .....                 | 53 |
| Vedlegg.....                     | 55 |
| Litteratur.....                  | 56 |

## Innleiing

### Utarbeiding av rapporten

Rapporten er utarbeidd av samlingsansvarleg Søren Hald

Språkvask ved styremedlem Bård Hanem og avd.leiar Kjersti Strass

Under arbeidet har desse kome med innspel: registrator Eirik Haugen, avdelingsleiar Benedikte Friis Furuholm, avdelingsleiar Thea Grobstok og dir. Torveig Dahl.

### Bakgrunn

Gudbrandsdalsmusea fekk av Norsk Kulturråd 18.09.2015 innvilga prosjektsøknaden

«Implementering av Significance i samlingsarbeid». Søknaden hadde bakgrunn i

Gudbrandsdalsmusea si deltaking i Haugelandsmusea sitt prosjekt «Significance» tidlegare same året.

Prosjektet sitt mål var å utvikle vidare ein metode for ei kvalitativ vurdering av samlingar, dessutan utvikle ein matrise som vil gjera det enklare å bruke vurderingane og overføre det til tiltaksplanar og god forvaltning av samlingane. Gudbrandsdalsmusea blei invitert til å delta i slutfasen av prosjektet, der oppgåva var å implementere metoden på eit mindre tal objekt frå museet vårt.

Gudbrandsdalsmusea valde 51 folkekunstobjekt frå Lom bygdamuseum for implementering av metoden. Resultatet finn ein i rapporten «Significance 2.0 2015. Vurdering av delsamling frå Gudbrandsdalsmusea».

Etter at prosjektet var avslutta, ønskte Gudbrandsdalsmusea å teste Significancemetoden på eit større materiale og søkte midlar til prosjektet «Implementering av Significance i samlingsarbeid». I 2015 fekk Gudbrandsdalsmusea i tillegg ein avtale om samarbeid med Haugelandsmusea i samband med prosjektet deira, «Kurs og seminar om vurdering av samlingar». Som ein del av avtalen heldt Gudbrandsdalsmusea i 2017, i samarbeid med Haugelandsmusea, eit to-dagars seminar med innføring i Significancemetoden. Deltakarar på seminaret var tilsette ved Gudbrandsdalsmusea, andre museum i Oppland og Teknisk museum i Oslo.

I prosjektet «Implementering av Significance i samlingsarbeid» har det vore eit mål å sjå nærare på og samanlikne eit større utval av folkekunstobjekt frå tre av avdelingane til Gudbrandsdalsmusea: Lom bygdamuseum, Lesja Bygdemuseum, Jutulheimen (Vågå bygdamuseum). Samlingane blir d.d. drifta av Gudbrandsdalsmusea men er i lokal eige. Samlingane til Lesja bygdemuseum er eigde av eigarstiftinga Lesja bygdemuseum, samlingane til Jutulheimen av Vågå historielag (VHL), mens samlingane til Lom bygdamuseum er eigde av Lom kommune.

Det har vore eit ynske å få betre kjennskap til i kva grad dei utvalde objekta er knytte til lokale tradisjonar; kva epokar gjenstandane er frå; om ein kan sjå spor etter dei same kunstnarane i dei ulike samlingane; om samlingane inneheld unike gjenstandar i lokal, regional eller nasjonal målestokk og om objekta på tvers av avdelingane utgjør ein heilskap. Det har også vore eit ynske å sjå på korleis Primus i større grad kan tilpassast slik at registreringane kan brukast som eit verkty i samlingsforvaltninga.

Den rapporten som ligg føre, «Vurdering av tre delsamlingar», er eit resultat av prosjektet «Implementering av Significance i samlingsarbeid». Rapporten er forma som ein eksempelanalyse av 148 folkekunstobjekt som er valde frå tre museumsavdelingar i Gudbrandsdalsmusea. Analysen følgjer significancemetoden punkt for punkt i samsvar med metodeheftet som er utarbeidd av

Haugelandsmusea, «Vurdering av samlinger. Veiledning. Vurdering av kunst- og kulturhistoriske samlinger», 2016.

## Prosjektarbeidet

På grunn av den store geografiske avstanden mellom prosjektdeltakarane, blei arbeidet organisert med berre få fellesmøter. Arbeidet blei fordelt slik at prosjektdeltakarane fekk tilordna kvar deira delsamling. Registrator fekk ansvaret for samlinga frå Lesja bygdemuseum, den minste samlinga med 18 objekt, prosjekteier fekk ansvar for samlinga ved Jutulheimen (Vågå bygdamuseum) med 36 objekt, og samlingsansvarleg fekk ansvaret for samlinga ved Lom bygdamuseum med 94 objekt. Det blei helt arbeidsmøte med friviljuge frå Lesja som hadde særleg kjennskap til skurd og dekortradisjonane på Lesja. Prosjektgruppa helt og eit to dagars miniseminar med kunsthistorikar Kåre Hosar frå Lillehammer museum. Det ga høve til å få ekstra påfyll om objektas stillhistorie. Det blei også helt eit to dagar langt seminar i samarbeid med Haugalandmuseene med deltakare frå både Gudbrandsdalsmusea og andre museum.

I løpet av prosjektet viste det seg at personalressursane var utilstrekkelege til å halde ein akseptabel framdrift. Det var langtidssjukemeldingar, barselspermisjonar og eit større press enn forventa frå ordinære oppgåver ved museet. Det medførte at berre det grunnleggjande oppdateringsarbeidet i Primus blei gjort før ressursproblema satt inn. Gjennomføring av prosjektet blei til slutt overlat til samlingsansvarleg. Han har utført alle kunsthistoriske oppdateringar i primus og utarbeida significanceanalysen av heile objektutvalet, samt føreliggjande rapport.

## Forklaring av omgrep brukt i rapporten

- Aksejon. Tilvekst av objekt gjeve til, kjøpt eller på på annan måte fått tak i av museet.
- Empiri. Frå gresk *empeiria*, av *peira* `forsøk, prøve`. Innsamla data, fakta, kjensgjerningar.
- Significance er i rapporten omsett med termen «verdi», da verdi -og «betydning» på bokmål, er synonym.
- Parameter. Målereiskap
- Proveniens – frå latin *proveniere*. *Proveniere* er sett saman av «pro», som tyder «for» eller «fram» og «venire» som tyder «kome». Ordsamansetjinga kan omsetjast med «det som hender», «det som kjem fram». Slik som *proveniens* blir nytta i *Significance*, uttrykkjer det den dokumenterte kjeda av eigarskap til eit objekt eller ei samling, eller livshistoria til eit objekt eller samling, inkludert tidlegare eigarar, opphav og brukssamanheng.

## Brukte forkortingar

- LBY- etterfylgd av et tal (LBY0001 f.eks): Gjenstand frå samlinga til Lom bygdamuseum
- VHV etterfylgd av tall (VHV-00001 f.eks): Gjenstand frå samlinga til Jutulheimen (Vågå bygdamuseum)
- LT etterfylgd av tal (LT-00001.00 f.eks): Gjenstand frå samlinga til Lesja bygdemuseum
- Lom BM, Lesja BM: BM = bygdamuseum

## Significancemetoden

«Significance» er opphavleg ein australsk metode for å vurdere og grunngje kvifor einskilde objekt eller samlingar er verdifulle. Det er her ikkje tale om den økonomiske verdien av objekta, men om deira kunstnarlege/estetiske, historiske, kunnskaps- og forskingsmessige, sosiale og åndelege verdi. Metoden kan brukast som eit verkty i den daglege forvaltninga i samband med både aksejon, avhending, katalogisering, konservering, bevaring, sikring og digitalisering. Vurderinga gjev eit viktig

og naudsynt grunnlag for diskusjon rundt målsettingar, prioriteringar og ressursbruk i samlingsforvaltninga i framtida. I Noreg er metoden nyleg blitt introdusert og tilpassa bruk for norske kunst- og kulturhistoriske museum. Det skjedde i samband med utgjevinga av rettleiingsheftet «Vurdering av samlinger», utgjeve av Haugelandsmusea i 2016.

Vurderingsmetoden har fem hovudsteg som skal sikre lik vurdering på tvers av samlingar og museum. Som eit viktig forarbeid må det lagast: 1. eit oversyn og 2. ein revisjon av alle objekta som skal vurderast. For å skape eit empirisk grunnlag for ei vurdering av verdi skal det utarbeidast. 3. ein omtale av dei utvalde objekta. Omtalen skal handle om alle tilhøve som er med og gjev samlinga meining: samlingshistoria, proveniensen, konteksten, tilstanden og relevansen for museet. Når dette er på plass, startar 4: ei vurdering. Vurderinga skjer i to etappar. Opplysningane som blir henta inn i omtalen, dannar grunnlaget for begge. Først blir objekta vurderte i høve til deira historiske, kunstnarlege og estetiske verdi, kunnskaps- og forskingsverdi og sosiale og åndelege verdi; dei fire «hovudkriteria» for verdi. Eit objekt/ei samling kan berre ha verdi dersom det/den kan knytast til minst eitt av hovudkriteria. Når eit objekt er knytt til eitt hovudkriterium, er det grunnlag nok for å vurdere det som verdifullt.

Den avsluttande vurderinga som følgjer, er berre ei finjustering av hovudkriteria for verdi. For å finjustere i kva grad objekta eller samlinga er verdifull, brukar ein såkalla «samanliknande kriterium». Slike kan ikkje stå åleine i ei vurdering, men dei kan vege hovudkriteria opp eller ned. F.eks. kan ei samling med stor historisk verdi (hovudkriterium) og bra proveniens (samanliknande kriterium) få større verdi enn ei samling som har stor historisk verdi, men har liten proveniens. Dei samanliknande kriteria er:

1. Proveniensen. (Veit vi f.eks. kven som åtte, brukte, produserte samlinga; er samlinga godt nok dokumentert,...?)
2. Sjeldan/representativ (Er samlinga f.eks. typisk for ein historisk epoke, ei stilretning; er ho eineståande eller finst det fleire liknande,...?)
3. Tilstand og heilskap. (Er tilstanden f.eks. god i høve til liknande samlingar; har samlinga deler som utgjer ein tilfredsstillande heilskap,...?)
4. Relevans for museet. (Kva tilhøve gjer samlinga relevant for museet? Gjev ho inntekter, er ho etterspurd som forskingsobjekt, har ho formidlingspotensiale,...?)
5. Opplevingsverdi. (Er samlinga i stand til å gje publikum sanseopplevingar, vekkje bestemte minne,...?)

Ein detaljert gjennomgang av vurderinga av hovudkriterium og samanliknande kriterium blir gjort i kapitlet «Vurdering».

Konklusjonen er metoden sitt femte steg. Han skal vise i kortform kvifor samlinga er viktig for museet og ev. for samfunnet og skal setje museet i stand til å ta riktige avgjerder om tiltak som fremjar vern, formidling og forskning.

## Oppbygging av rapporten

Rapporten har fem hovudkapittel: «Omtale», «Vurdering», «Konklusjon», «Tiltak», og «Erfaringar».

Hovudkapitlet «Omtale» har til oppgåve å gjera greie for alle tilhøve som er med og gjev samlinga meining. Kapitlet har 11 underkapittel:

- Innleiingsvis i «Kort omtale av gjenstandane», «Bakgrunn for vurderinga» og «Revisjon» blir det gjort greie for mål og avgrensing av analysen, dessutan gjeve ein kort omtale av den

første revisjonen av objekta. Dei kapitla som følgjer, har alle til oppgåve å leggje fram den empirien som finst om objekta og som seinare skal vera grunnlaget for vurderinga av objekta sin verdi i kapitlet «Vurdering».

- «Utrykte kjelder» gjev eit oversyn over kjelder, møtereferat, protokollar, korrespondanse o.l. som inneheld viktige opplysningar om dei utvalde objekta. Med grunnlag i ein del av desse gjev kapitlet ein kritisk omtale av den tidlegare registreringa.
- «Samlingshistorikk etter samlingane kom til museet» viser korleis samlinga har blitt skapt, teke vare på og registrert. Dette punktet er viktig for å starte avklaringa rundt kvifor museet har samlinga.
- «Omfanget av samlinga, tema og i kva grad samlinga er relevant» viser objekta si lokale tilknytning, tilknytning til stilartar, produsentar og historiske periodar. Relevansen for museet blir omtala i høve til vedtekter, strategiplanar og liknande.
- «Kontekst» set utvalet inn i ein historisk og geografisk samanheng. Den lokalorienterte interessa for bygdekultur først på 1900-talet, stiltrendar lokalt og nasjonalt; det økonomiske oppsvinget på 1700-talet er tilhøve som blir teke opp.
- «Tilstand og miljø» omtalar tilstand og oppbevaringsmåte. Tilstanden har m.a. noko å seie for verdien av objekta som historiske dokument. Di meir av ein gjenstand som er gått tapt p.g.a. skader, di større er sjansen for at viktig informasjoninnhald er gått tapt. Det blir vanskelegare å «lese» objektet.
- «Andre liknande gjenstandssamlingar» gjer greie for om det finst samlingar av liknande storleik, type og tema regionalt og nasjonalt. Det blir gjort greie for om utvalde objekt frå museet vårt er unike i lokal og regional samanheng.
- «Samanlikning av dei tre delsamlingane i utvalet» gjev ein kort omtale av skilnad og likskap i dei tre utvalde delsamlingane.
- «Relaterte objekt» tek opp om dei utvalde objekta inngår i ein større samlings-samanheng.

I det andre hovudkapitlet «Vurdering» blir den kunst- og kulturhistoriske verdien til utvalet vurdert i høve til dei fire hovudkriteria og dei fem samanliknande kriteria som er omtala over i metodeavsnittet. «Konklusjon» gjev eit samandrag av resultatet av vurderinga og gjer greie for kvifor samlinga er verdifull. «Tiltak og bortkomne objekt» gjev ein summarisk omtale av objekt som treng tiltak og av objekt som ikkje er funne att.

«Erfaringar» avsluttar rapporten og omtalar i generelle vendingar dei erfaringar prosjektet har gjort med significancemetoden.



## Omtale

### Kort omtale av gjenstandar

For testing av signifikansmetoden på eit større gjenstandsmateriale blei det valt ut 148 objektnummer med i alt 166 objekt. Objektene er folkekunstobjekt med «*utstyr til transport med hest*» som felles tema. Dei utvalde objekttypene er skrin, høvre, bogtre og sledar. Samlinga er frå seint 1600 til tidleg 1900-tal med hovudtyngda i perioden 1750 – 1850, «*den klassiske folkekunstperioden i Norge*». Objektene er utvalde frå gjenstandssamlingane ved bygdamusea i Lom, Vågå og Lesja.

### Bakgrunn for vurderinga

#### Mål

Målet vårt med signifikansvurderinga har vore utprøving og ev. tilpassing av metoden til dei samlingstypene som er rådande ved museet vårt. Vi har ønskt å få svar på om metoden kan medverke til auka kunnskap om dei utvalde objektene sine sosiale, historiske, kunnskaps- og formidlingsverdi både for seg sjølv og i forhold til kvarandre.

#### Perspektiv

Vi har sett på objektene i eit regionalt perspektiv avgrensa til Nord-Gudbrandsdalen. Dei primære omdreiningspunktene i regionen har vore samlingane ved bygdemusea i Lom, Lesja og Vågå, sekundært liknande samlingar ved Maihaugen og Norsk Folkemuseum.

#### Merknad til analysen

Ein stor del av forarbeidet for analysen (Revisjonen) har vore å oppdatere dokumentasjonen i Primus. Mange felt i Primus har til dels overlappende innhald. Men prosjektet har valt å utfylle flest mogleg felt for å auke sjansane for treff ved søk. Opplysningar om bruk kan for eksempel settas i både felt for «Beskrivelse» og «Historikk»; «Datering» kan settas inn både i «Beskrivelse», «Historikk» og «Stil, kommentarer». Her har vi valt å sette opplysningane inn i alle passande felt.

Felt for «Tilstandsvurdering» har ikkje vore optimalt i Primus. Definisjonane som er sett opp i Primus er for breie. Kode 0: «Særs» god, er definert som «Utstillingsklar» i primus. Det er forskjellige meiningar om kva dette egentlig inneber. Prosjektet har valt å definere det som objekt som er utan skader eventuelt med spor etter bruk (riper, mindre revner, slitt maling og liknande.). Kode 1: «God» er i primus definert som «Konserveringsmessig behandling ønskelig». Prosjektet har valt å definere «konserveringsmessig behandling» som både førebyggjande (flytte til rom med betre klima til dømes) og som «inngripande» tiltak (rustbehandling, reparasjon og liknande).

Signifikansmetodikken er ikkje lagt opp for kvantifisering. Verdien for historiske eller andre kriterium skal vurderast etter dei kvalitative data som er samla inn. Dette kan lett føre til mykje synsing og utydeleg grunngjeving av konklusjonane. For å konkretisere dei vurderingane er basert på er det derfor valt å snevre inn dei kvalitative skjønnet. Slik blir verdien bestemt etter kor stor del av utvalet sine objekt som kan knyttast til dei forskjellige kriterium.

#### Revisjon

Som første fase i prosjektet blei det gjennomført ein revisjon av dei utvalde objektene. Alle tidlegare katalogar og registreringsprotokollar blei sjekka, dels mot kvarandre og dels mot opplysningar i primusdatabasen. I dei tilfelle der objektet hadde vore registrert mange gonger over fleire tiår i skiftande manuelle protokollar, var det ikkje uvanleg at fleire viktige opplysningar var komne bort på vegen. Mellom versjonen i den yngste manuelle registreringa og primusregistreringa var det derimot

mest 100 % samsvar. Til gjengjeld var opplysningane avgrensa til eit minimum, ofte berre med nemning, gjevar, museumsnummer og ev. innleveringsår.

Revisjonen fekk derfor som mål å oppdatere primusdatabasen slik at alle informasjonshol blei fylte, både der informasjonen var gått tapt på vegen og der objektet aldri hadde fått tilfredsstillande registreringsopplysningar. Til formålet utarbeidde vi eit skjema med 26 sjekkpunkt for registreringsopplysningar som måtte vera tilfredsstillande utfylte i primus for kvart objekt. For det utfylte skjemaet, sjå vedlegg 1.

Eit eksempel frå Lom bygdamuseum sine protokollar viser korleis informasjon har gått tapt frå ein protokoll til den neste.

I 1925 registrerer Olav Aukrust eit skrin LBY0320 med denne omtalen: "*Bladformer, smøygde band og drageornamentikk. Millom kantjarn og utskurden hev lokket fint utskorne små blad og halvrunde aggar. Vel vedlikehalde, sterk jarning og prydelege gangjarn. Truleg frå 1500 talet. Frå Haugen, Øystre Gausdal*".

I ei ny registrering på kartotekkart, utan år, men truleg frå 1970-åra eller tidlegare, er gjenstanden omtala slik: «*Sidene er satt sammen med (...), skjøtene har jernbeslag med jernnagler. Bunn av 2 bord er festet med trenagler. Lokket av 2 bord har jernbeslag festet med jernnagler rundt. Smidd låsbeslag og jernhandtak på hver side. Dekor: på lokk og sider utskåret stilisert bladmotiv rundt et midtparti. Måla men malinga er slitt. Skurden blå, grønn og hvit. Beslag har spor etter rød, rosa farge. På lokket er malingen avslitt. Låsen mangler nøkkel skjøtene har jernbeslag og jernnagler. Botn av 2 bord er festa med trenagler. Lokket av to bord har jernbeslag festet med jernnagler rundt. Smidd låsbeslag og jernhandtak på hver side osv. ...*».

I ein registreringsprotokoll, utan år, truleg frå 1980-talet, blir LBY0320 omtala slik: «*Ferdaskrin, innkommet 1925, selger Olav Aukrust, nr. 25 i A-samlingen*».

På NKKM-kart fra 1993 er objektet omtala slik: «*Teknikk skåret; materiale furu, jern; farge hvit, spor etter blå, grønn; mål H x L x B; dekor bladornamentikk; utf. oppl. nr. 25 i Aukrusamlingen*».

## Utrykte kjelder

Alle tilgjengelege utrykte kjelder ved dei tre avdelingane er gjennomgåtte. Registreringsprotokollar og lister, møtebøker, kartotekkart, NKKM-kart, primusdatabasar og dokument som gjeld dei utvalde samlingane. Kjeldematerialet spenner frå 1925 til først på 2000-talet og er delt på dei tre bygdemusea som vist på fig. 1, 2 og 3.

## Lom bygdamuseum

| År         | Innhald                      | kommentar  |
|------------|------------------------------|--|
| 1925       | Katalog for Lom bygdesamling | Utarbeidd for Lom heimbygdslag ved O.A. (Olav Aukrust). Handskriven register over gjenstandar seld av O.A. til Lom heimbygdslag/Lom kommune 1925 |
| 22.03.1939 | Cirkulære til Museene        | Rundskriv frå Norske Museers Landsforbund. Frå « <i>Reidar Nyrrnes. Offentlige brev</i> ». Er hos Lom heimbygdslag                               |

| År                  | Innhald  | kommentar   |
|---------------------|--|---|
| 30.03.1939          | Sirkulære  | Rundskriv frå Norske Museers Landsforbund. Frå «Reidar Nyrnes. Offentlige brev»                                       |
| 31.08.1939          | Brev frå Norske Museers Landsforbund.<br>Til Lom heimbygdslag                  | Frå «Reidar Nyrnes. Offentlige brev».   |
| U. år.<br>1960/70 ? | Kartotekskart over gjenstandar   | LBY-nummer frå 1-474 med fleire hol. Ei stor del med referanse til Aukrustsamlinga                                    |
| 04.01.1961          | Brev til G. A. Normann. Frå Lom heimbygdslag                                   | Gjeld sal av dublettar. Frå «Reidar Nyrnes. Offentlige brev»  |
| 15.12.1961          | Brev til Lom heimbygdslag Frå Lom Lensmannskontor                              | Gjeld sal av dublettar. Frå ««Reidar Nyrnes. Offentlige brev»   |
| 08.01.1962          | Brev til G. A. Normann. Frå Lom heimbygdslag                                   | Gjeld sal av dublettar. Frå «Reidar Nyrnes. Offentlige brev»  |
| 22.01.1962          | Brev til Lom kommunestyre. Frå Lom heimbygdslag                                | Gjeld sal av dublettar. Frå «Reidar Nyrnes. Offentlige brev»  |
| 10.03.1962          | Særutskrift, Lom kommunes møtebok  | Sak 23 gjeld løyve til Lom heimbygdslag. Frå «Reidar Nyrnes. Offentlige brev»   |
| 04.06.1962          | Brev til Lom kommunestyre Frå Lom heimbygdslag                                 | Søknad om lånegaranti. Frå «Reidar Nyrnes. Offentlige brev»   |
| 16.06.1962          | Særutskrift, Lom kommunestyres møtebok   | Sak 38.1. Søknad om lånegaranti. «Reidar Nyrnes. Offentlige brev»   |
| 04.10.1962          | Brev til Lom heimbygdslag Frå Norske Museers Landsforbund                      | Gjeld medlemskap. Frå ««Reidar Nyrnes. Offentlige brev»   |
| 29.10.1962          | Brev til Norske Museers Landsforbund Frå Lom heimbygdslag                      | Omtalar bl.a. katalogiseringen ved Lom BM. Frå «Reidar Nyrnes. Offentlige brev»                                       |
| 03.07.1963          | Brev til Lom heimbygdslag Frå Det kongelige Kirke- og Undervisningsdepartement | Gjeld ekstraordinært bidrag. Frå «Reidar Nyrnes. Offentlige brev»   |
| 1978-1986           | Lom heimbygdslag. Møteprotokollar  | Utdrag av saker som gjeld gjenstandar og hus. Er hos Lom heimbygdslag   |
| U.år.<br>1980 - ?   | Gjenstandsprotokoll. Lom bygdamuseum bd. 1 & 2                                 | Handskrivne protokollar med LBY-nummer frå 1-1139   |
| 1989-1993           | NKKM registreringskart. LBY 58-458   | Er i arkivboksar med LBY-nummer frå 4-1139. Innkommet til museet 2016   |
| 2008                | Primusdatabase LBY 58-458  | Registreringar på grunnlag av «Katalog for Lom bygdesamling 1925» og «Gjenstandsprotokoll. Lom bygdamuseum bd. 1 & 2» |

Fig. 1 Brukte kjelder: Lom bygdamuseum

Som peikt på i avsnittet «Revisjon» har ei del opplysningar ofte ikkje blitt med når ein har begynt på ein ny katalog. Ein ny katalog startar aldri der den førre slutta, men begynner frå starten for å få alt med frå den gamle katalogen. Det er slik sett ikkje nokon skilnad på det ein gjorde ved overgangen frå siste manuelle katalog til første datakatalog. Men når det gjeld dei manuelle katalogane, har ein, truleg for å avgrensa arbeidsmengda, teke ein snarveg. Slik blei berre det mest nødvendige etter vurderinga overført frå gammal til ny katalog.

«Katalog for Lom bygdesamling» frå 1925 ga ein kort omtale av skurdmønsteret, farge og annan ornamentikk for 25 av dei 95 utvalde objekta. Resten var samanfatta under ein kort, felles summarisk omtale, som f.eks. for høvrel og bogtre:

"62 selatre & høvrel. Arbeid av Klukstad, Skjaak-Ola, Sev. Sperstad, Sylfest Skrinde osv. Alle frå Lom og Skjåk. 30 selatre og 32 høvrel. NB. Desse tre er mest alle dei eldste typur i Gudbrandsdalen, somme skriv utan tvil frå fyre reformasjonen".

«Kartotekarta» er utan år, men kan vera frå 1960-talet eller seinare. Reidar Nyrnes, formann i Lom heimbygdslag på 1960-talet, skriv til Norske Museers Landsforbund 29.10.1962 at «Museet har katalogført 355 gjenstandar. Til dette kjem ein del ting som enno ikkje er innført». Dette stemmer nesten med talet på 292 kartotekkart som significansprosjektet har identifisert. Andre katalogar frå perioden mellom katalogen frå 1925 og «Gjenstandsprotokoll. Lom bygdamuseum bd.1 & 2», truleg frå 1980-talet, er ikkje funne. Kartotekarta har stort sett tilfredsstillande omtale av både konstruksjon, dekor, skader, mål og materialar, samt viser til nummer i katalogen frå 1925. Karta har registreringar for 89 av dei 92 utvalde objekta i significansprosjektet.

«Gjenstandsprotokoll. Lom bygdamuseum bd. 1 & 2» har innført nummera frå både 1925-katalogen og kartotekarta, men utan omtale. I tillegg har protokollen nye registreringar frå nr. 475 til 1139. Referansar til kartotekarta finst ikkje. Gjenstandsprotokollane har opplysningar om museumsnummer, nemning, inkomstdato, gjevnamn og merknader. Dei speglar utan tvil datidas krav til halvoffentlege museum. Som Arnfinn Kielland skriv i Sak 3/84 i Lesja bygdemuseum si møtebok, er krava slik at «alle gjenstandar skal ha et kartotekkart påført de viktigste data. Det bør vidare være en protokoll der gjenstandane er ført inn i nummerrekkefølge, og inventarlistar m.m.»

Neste protokollaring skjedde på NKKM-kart i perioden 1989-1993. Karta er avskrift av opplysningane i 1980-protokollane, men har ingen referansar verken til desse eller kartotekarta. Først på 2000-talet blir alle data overførte til dataflexprogram, som i 2005 blir konvertert til Primus. 2006 – 2008 blir opplysningar i Primusdatabasen sjekka med gjenstandane og med opplysningar frå 1925- og 1980-protokollane. NKKM-karta blir på den tid ikkje sjekka, for ingen veit kvar dei er. Tilfeldig blir karta funne i 2016 i øskjer merka «1994 kommunereknskap».

2008-utgåva av Primusdatabasen blei etter at opplysningar frå tidlegare protokollar kom med, ein katalog med summariske opplysningar for kategoriane klassifisering, historikk og omtale; brukande, men informasjonen var mangelfull med tanke på kulturhistorisk verdisetting. I stort omfang mangla viktige supplerande opplysningar om både sjølve objektet og slik som omtale av tilstand, konstruksjon, stilhistoriske formvariasjonar, handverk- og produsenttilknytning og datering.

## Jutulheimen (Vågå bygdamuseum)

| År            | Innhald  | Kommentar  |
|---------------|--|--|
| u.å.          | Registreringsprotokoll J-nummer                                      | Katalog 1 – 363, NG/12 22. Katalog 364 – 720, NG/12 23. Katalog 721 – 1034, Ng 12/24. Vågå historielag. Er på Nordalsarkivet Vågå.                                 |
| u.å.          | Liste over gåver til VHL   | 3 sider. Gjenstandane har ikkje museumsnr. Referansar til møtebøker  |
| u.å.          | Liste. Register over eigedom som høyrer til VHL                      | 7 sider. Gjenstandane har ikkje museumsnr.   |
| u.å.          | Liste. Register over bøker og gjenstandar gitt til VHL av Jo Nordahl | 3 sider. Gjenstandane har ikkje museumsnr.   |
| u.å.          | Gl. Registreringsliste over gjenstandar m. LT-nr.                    | Ordna alfabetisk. Ca. 1500 nummer med nemningar  |
| u.å.          | Ny. Registreringsliste (1994?)                                       | Ordna alfabetisk. ca. 1500 nummer med nemningar. Ingen prefix foran numra. Listens nummer svarer til VHL-nr. i primusdatabase.                                     |
| u.å. 2002?    | Registreringsliste   | Ordna numerisk. 1525 nummer med nemningar. Ikkje noke prefix foran nr. Numra på lista svarer til VHL-nr. i primusdatabase  |
| 29.11.1994    | Registrering av Gjenstandar. Til/frå VHL/Jehans Storvik              | Registreringsrapport for gjenstandar i Ullinsvin og Jutulheimen. Nemner at alle gjenstandar på Jutulheimen nå er registrerte. Registreringane er ført på NKKM-kart |
| 1994          | NKKM registreringskart   | Er i arkivboksar med nummer frå J-0251 til J-1539, Nordalsarkivet Vågå   |
| 2016          | Gjenstandar Ullinsvin Stabbur  | Handskriven liste  |
| 2005-9, 2014- | Primusdatabase VHV0008 – 2697  | Registreringar på grunnlag av «NG/12 22-24. Vågå historielag katalog» og «NKKM registreringskart»  |

Fig. 2 Brukte kjelder: Jutulheimen bygdamuseum

Av registreringsprotokollar finst berre «NG/12 22-24 Vågå historielag» og «NKKM registreringskart». I tillegg blei det identifisert eit stort tal registreringslister med eller utan museumssignatur, skiftande museumssignaturar, ein del i samsvar med nummer i primusdatabase, andre utan. Felles for alle var at opplysningane har vore avgrensa til eit absolutt minimum, objektnummer, nemning, mål, ev. farge og teknikk. NKKM-karta har foto i tillegg, men er elles avskrift frå dei eldre katalogane NG12/22-24. Ut over avskrift frå NG-katalogane inneheldt NKKM-karta også nyregistrert materiale som i omfang av registrerte opplysningar skilde seg lite frå NG-protokollane.

Av dei 36 utvalde objekt til signifikansprosjektet frå Jutulheimen er berre 7 funne registrerte i NG-katalogane, 22 på NKKM-kart. Overføring av opplysningar frå NG-katalogar til NKKM-kart – avslutta 1994 – har skjedd utan tap av opplysningar. Overføring til primusdatabase i 2005-2008 blei gjort på grunnlag av NG-protokollane. NKKM-karta blei ikkje funne på Nordalsarkivet før 2011. Opplysningane som blei lagt inn i primusdatabase 2005-2008, hadde derfor same standard som

NG-protokollane. Opplysningane var egna til til å identifisere gjenstanden etter nummer, namn, omtale og ev. mål. Viktige opplysningar mangla om både sjølve objektet og slik som omtale av geografisk tilknytning, tilstand, konstruksjon, stilhistoriske formvariasjonar, tilknytning til handverkar/producent og datering. Eigarskapet for gjevar/siste eigar var berre dokumentert for 6 av 36 utvalde objekt.

### Lesja bygdemuseum

| År        | Innhald   | Kommentar  |
|-----------|---|--|
| 1934-     | "Lesja Museum 1934".<br>Gjenstandsprotokoll                     | Gjenstandsnummer utan museumssignatur nr. 1-498. Gjenstandsnummer med museumssignatur LT-LS & LT 1-1116                              |
| 1983-2000 | NKKM-kart LT 185-2506   | Er i arkivboksar med nr. frå 1-2500, arkivskap, fotorom kjellar. Ei del kart tatt ut   |
| 1984      | Sak 3/84. Lesja BM møtebok.<br>Registreringsarbeidet 1983, 1984 | Rapport frå Arnfinn Kielland, bygdebokforfattar  |
| 1991      | Sak 5/91. Lesja BM møtebok. Merking av deponerte gjenstandar    | Vedtak om alternativ merking, men ikkje spesifisert  |
| 1994      | Sak 1/94. Lesja BM møtebok.<br>Registreringsarbeidet 1993       | Rapport frå distriktskonservator Jehans Storvik  |
| 2000-?    | Registreringsliste  | Alfabetisk ordna, nummer opp til ca. 2100. Listeutskrift frå tidlegare database med nr. og nemning. Plassert på fotoarkiv, raud perm |
| 2005-2010 | Primusdatabase  | Registreringar på grunnlag av dataflexbase og NKKM-kart  |

Fig. 3 Brukte kjelder: Lesja Bygdemuseum

Den første kategorien av registreringar i den gamle gjenstandsprotokollen, «Lesja Museum 1934», har gjenstandsnummer utan museumssignatur frå nr. 1-498. Nummera er ikkje i samsvar med tilsvarende gjenstandsnummer i Primus. Gjenstandane har berre fått nr., nemning og i visse tilfelle gjevar/gardsnamn. Den andre kategorien av registreringar inneheldt gjenstandsnummer med museumssignaturen LT-LS. Det var ikkje samsvar med tilsvarende gjenstandsnummer i Primus. Registreringane hadde ingen opplysningar utover nemning og museumsnr.

Tredje kategori av registreringar i protokollen inneheldt gjenstandsnummer med museumssignatur LT 1-1116. Alle viste seg å vera i samsvar med nummera i Primus. Gjenstandane hadde ingen andre opplysningar enn museumsnummer, nemning og eit «F» for foto.

Standarden på protokollaringa var ikkje på nivå med dei krava som blei stilte til Lesja bygdemuseum i 1984 som halvoffentleg museum. Det blir også teke opp i sak 3/84 i møteboka til Lesja bygdemuseum. Omtalen frå bygdebokforfattar Arnfinn Kielland seier mykje om det som ikkje har vore på plass:

*«Museet er forpliktet til å ha en forsvarlig dokumentasjon av sine samlinger. Det betyr at alle gjenstandar skal ha et kartotekkart påført de viktigste data. Det bør videre være en protokoll der gjenstandane er ført inn i nummerrekkefølge, og inventarlistar m.m. (...) Det var tidlegare foretatt en*

*viss registrering av gjenstandar, men merkingen var mangelfull (klebelapper). (...) Museet bør ha en egen tilgangsprotokoll (...) det vil spare registreringen for arbeid.»*

Registrering blei derfor sett i gang med hjelp av to magistergradstudentar i 1983, og dei kom gjennom halve samlinga. Registreringa held fram i 1984, og det blir nemnt i sak 3/84 at det «*nå ikkje er så mye som står igjen*». Resultatet finst i NKKM-karta som er omtalt under. Oppmodinga om å skaffe seg ein tilvekstprotokoll ser ikkje ut til å ha blitt fylgd opp. Nokon tilvekstprotokoll har i alle fall ikkje Significanceprosjektet funne. I staden har ein truleg halde fram med å bruke den gamle protokollen til innføring av nyinntak, men utan å føre inn anna enn museumsnummer, nemning og eit «F» for foto.

#### *NKKM-kart og primusdatabase*

Jamvel om møteboka frå 1984 nemner at det ikkje stod att mykje å registrere, blei registreringa truleg ikkje gjennomført før 1993. Først i sak 1/94 i møteboka til Lesja bygdemuseum blir det meldt at distriktskonservator Jehans Storvik «*har gjort et storarbeid med gjenstandsregistrering og fotografering som vi ni regnar som ferdig så langt*».

Samlinga var no registrert på NKKM-kart med nr. frå 1-2500. Significanceprosjektet fann i 2016 at NKKM-kart som ikkje hadde blitt sjekka i samband med den første primusregistreringa 2005-2010, var tekne ut av arkivboksane, plasserte i arkivskåp på fotoarkivet og ordna i nummergrupper med påførte kommentarar. Høgste museumsnummer som var teke ut, var LT-00950. Eventuelt andre nummer som var tekne ut, blei ikkje undersøkte. Det blei identifisert NKKM-kart for significanceobjekta frå LT-00185 til LT-02506 med siste registreringsdato 10.06.2000. Det blei ikkje identifisert NKKM-kart for objekta LT-02672, 03041 og 03519. Opplysningane på NKKM-karta var utfylte med kortfatta informasjon på viktige kategoriar, som nemning, gjevnamn, materiale, teknikk, farge, innkomstår og katalogiseringsdato. Til gjengjeld mangla det opplysningar eller opplysningane var mangelfulle med verdi for proveniensen for gjenstandane. Slik fanst det ikkje opplysningar om datering i samband med bruk eller stilhistoriske særtrekk med relevans for periodisering. Opplysningar om den geografiske tilknytninga til objekta, stad for bruk eller produksjon fanst berre for halvdelen av gjenstandane. Plassering av gjenstandane var det berre gjort greie for 5 av 18.

Informasjonen frå NKKM-karta var grunnlaget for den den første digitaliserte protokollen, dataflexbasen som rundt 2005 blei kopiert til Primus. Etter overføringa til Primus blei databasen og opplysningane frå NKKM-karta sjekka mot gjenstandane. Manglande samsvar blei retta. Sett bort ifrå at alle objekta no fekk plasseringskode, blei det ikkje gjort supplerande informasjonsinnhenting. Slik vart registreringsstandard i Primus stort sett uendra frå NKKM-karta.

## Samlingshistorikk etter samlingane kom til museet

### Korleis blei samlingane skapte?

Tre fjerdedelar av dei utvalde objekta er komne til museet innafor ein kort periode, er gjevne årstal og har berre fire ulike donatorar eller seljarar. Objekta er anten frå Lom eller Lesja bygdemuseum (Fig. 4). Om det ligg ein bevisst inntaksstrategi bak, finst det berre grunnlag for i eitt tilfelle. Då kjøpte Lom kommune saman med Lom heimbygdslag i 1925 ei større samling på 350 objekt frå samlaren Olav Aukrust. 86 av desse er med i Significance-utvalet vårt. Dei andre tilfella viser få gjevarar og inntaksår, som igjen viser at det ikkje har vore nokon langsiktig innsamlingsstrategi. Det mest trulege er at gjenstandane er komne til museet etter initiativ frå gjevarane. For Jutulheimen er det vanskeleg

å seie noko sikkert fordi ingen av objekta har opplysningar om inntømsår, og berre 6 av 36 har opplysningar om gjevar eller seljar.

| <b>Avdeling</b> | <b>Inntøms år</b> | <b>Del av utvalde objekt frå avdelingen</b> | <b>Samme gjevar/seljar (S)<br/>Forskjellige gjevare (F).<br/>Ukjend gjevar (U)</b> |
|-----------------|-------------------|---|--|
| Lesja BM        | 1979              | 9 av 18                                     | S  |
| Lesja BM        | 1999              | 2 av 18                                     | S  |
| Lesja BM        | Ukjend            | 7 av 18                                     | F/U  |
| Lom BM          | 1925              | 86 av 92                                    | S  |
| Lom BM          | 1989              | 6 av 92                                     | S  |
| Jutulheimen     | Ukjend            | 30 av 36                                    | U  |
| Jutulheimen     | Ukjend            | 6 av 36                                     | F  |

Fig. 4 Fordeling av inntømsår, gjevare og seljar

#### Olav Aukrust (1883 – 1929)

Olav Aukrust var født i Lom og er mest kjent som diktar. I tillegg var han ein habil musikan og utdanna lærar. Han virka mellom anna ein tid som styrar ved folkehøgskulen på Dovre. I løpet av livet kjøpte han inn og bygde opp fleire samlingar av folkekunst frå Nord- Gudbrandsdalen. Han dreiv også innsamlingsarbeid av både folkeminner, folketonar, segn og gjenstandar knytt til den gamle bondekulturen.

I 1924 la Aukrust ein del av samlinga si ut for sal og fikk tilbod på kr. 20.000 frå Norsk folkemuseum. Men Aukrust ønska at samlinga skulle bli i kommuna og ga derfor Lom kommune tilbod om kjøp.

#### Katalogiseringshistorikk

Det store skiljet i måten ein katalogiserte på, skjer frå 1980-talet med krav til halvoffentlege museum om innføring av data på standardiserte NKKM-kart. Karta hadde ei stor mengd kategoriar for å omtale objekta utan at det førte til den store forandringa i måten dei blei registrerte på. Som gjort greie for i avsnittet «Utrykte kjelder» heldt ein seg i mange tilfelle til dei få kjende registreringskategoriane ein hadde brukt tidlegare og let resten av felte stå tomme. Overgangen til Primus var det neste store spranget der tilgjengelege kategoriar for å omtale ein gjenstand auka mykje. For dei utvalde objekta var likevel auken i registreringskvalitet liten. Dette førte til at opplysningar som er viktige for proveniensen til gjenstandane og kulturhistorisk verdsetting, mangla eller var mangelfulle.

Slik var kjeldesituasjonen ved starten av Significanceprosjektet. Vi såg snart at ei verdsetting etter dei opplysningane vi hadde, ikkje vil vera rett mot det utvalde materialet. Det var ikkje anna å gjera enn å oppdatere alle registreringsopplysningane så langt det var mogleg. Som nemnt i avsnittet «Revisjon» blei 26 opplysningsfelt oppdaterte for kvart objekt. Særleg kategoriane for form, funksjonsomtale, datering, geografisk tilknytning, produsentar, tilstand og stilhistorie blei gjennomgått. Av den grunn blei det til slutt mogleg å samanlikne objekta på ei rekkje viktige område som har noko å seie for vurderinga av proveniensen og den kulturhistoriske verdien.



| Avdeling          | Registreringsår | Katalogtype                                    | Tal nummer |
|-------------------|-----------------|--|------------|
| Lom bygdamuseum   | 1925            | Handskriven protokoll.<br>Seljar sitt register | 350        |
| Lom bygdamuseum   | 1960/70         | Kartotekskart                                  | 474        |
| Lom bygdamuseum   | 1980-           | Handskriven protokoll                          | 1139       |
| Lom bygdamuseum   | 1989-1993       | NKKM-kart                                      | 1139       |
| Lom bygdamuseum   | 2005-8          | Primus   | 1139       |
| Lesja bygdemuseum | 1934-           | Handskriven protokoll                          | 1116       |
| Lesja bygdemuseum | 1983-2000       | NKKM-kart                                      | 2500       |
| Lesja bygdemuseum | 2005-10         | Primus   | 2535       |
| Jutulheimen       | u.å.            | Maskinskrevet<br>protokoll                     | 1034       |
| Jutulheimen       | 1994            | NKKM-kart                                      | 1539       |
| Jutulheimen       | 2005-8          | Primus   | 1507       |

Fig. 5 Katalogiseringshistorikk for bygdamusea i Lom, Lesja og Vågå

### Oppbevaringshistorikk

Frå mot slutten av 1900-talet har objekta primært vore tekne vare på i antikvariske bygningar utan noko regulering av fukt og temperatur. Dette er tilfelle fråmleis for Lom. Samlinga på Lesja blei 2003-2010 flytta til eit kjellarmagasin i betong der det er mogleg å regulere temperaturen. Samlinga i Jutulheimen blei i 2014 samla i eit eige «*magasin*» i ein antikvarisk bygning, varmeregulert frå 2015. Samlingane i Lom blei 2005-2007 samla i eit eige magasin i ein bygning utan noko regulering av fukt og temperatur.

Oppbevaringstilhøva for samlingane ved bygdemusea på Lesja og i Vågå før dei blei flytta til andre rom på 2000-talet, har truleg likna mykje på tilhøva i dag ved Lom bygdamuseum. Her er det målt ein relativ luftfuktigheit som ligg 5-15 % over tilrådd maksimumsverdi i 8 av 10 månader og ein temperatur som ligg 1-10 gr. C under tilrådd minimumsverdi i 7 av 12 månader. Svingingane i temperatur og relativ luftfuktigheit er langsame og årstidavhengige (dvs. temperatur og fukt endrer seg gradvist i takt med årstidene), men klimaet er generelt for fuktig.

I magasinrommet i Jutulheimen blei det 2015 installert varmepanel med termostat sett på + 10 gr.C. Etter dette har både temperatur og relativ luftfuktigheit stabilisert seg. Temperaturen har langsame årstidavhengige svingingar og ligg innafor tilrådd min/maksverdiar i 9 av 12 månader. Den relative luftfuktigheita ligg innafor tilrådd min/maksverdiar i 10 av 12 månader; svingningane gjennom døgnet er og innafor tilrådde min/maksverdiar.

Lesja BM som har dei nyaste og best isolerte magasinromma, har ein relativ fuktigheit som ligg til dels mykje under tilrådd minimumsnivå i 7 av 12 månader. Klimaet er tørt. Temperaturen ligg innafor tilrådde min/maksverdiar heile perioden og har stabile, små og langsame svingningar gjennom året knytt til årstidene.

### Den «gode og dårlege» oppbevaringa

Museumsfolk har alltid vore opptekne av at samlingane skal ha gode oppbevaringstilhøve og har heile tida prøvd å stanse eller kome i forkant av forfallsprosessen.

Alt 30. mars 1939 mottek Lom heimbygdslag eit sirkulære frå Norske Museers Landsforbund som omhandlar dette:

*«De fleste av våre museer står daglig over for problemer når det gjelder å hindre materialet fra å ødelegges av tidens tann. (...) Samlingene forfaller, blir mer og mer verdiløse, ofte blir den enkelte gjenstand til slutt så destruert at den helt forandrer sin form og mister sin kulturhistoriske verdi (...) Norske Museers Landsforbund vil inntrengende henstille til samtlige museer å innsende sine ønskemål angående konservering og bevaring av bygninger og gjenstander innen 15. april 1939».*

I «Cirkulære til Museene» 22. mars 1939 ønskes Museenes Landsforbund på vegne av Kyrkje- og Undervisningsdepartementet ei rekke opplysningar om museet «av hensyn til statsbevilgningen og den årlige utdeling av pengelotteriets overskudd». Ein ønskes m.a. opplysningar om samlingsrelaterte tilhøve, slik som sikring mot brann og tjuveri, den årlege tilvekst av gjenstandar m.m. Det finst ikkje noko som viser at Lom heimbygdslag har respondert på oppmodinga. Men det ligg føre ei purring frå Norske Museers Landsforbund der dei ber om svar innan 31. august 1939.

Sitata over viser at det har vore erkjent tidleg at tilhøva for samlingane er viktige. Ein kan derfor undre seg over det også først på 2000-talet er mykje å setje fingeren på. Kanskje ein av grunnane kan vera at heimbygdslaget fokuserte på andre område enn gjenstandane. I Lom satsa ein alt frå midten av 1930-talet - og seinare på 1950-talet også på Lesja og i Vågå - på etablering av bygdetun med eit realistisk utval av bygningar. For å få til dette var ein i Lom viljug til å ta opp lån, og i nødsfall, selje delar av gjenstandssamlinga. Økonomien skranta, og det blei ikkje betre med åra. For etter at heimbygdslaget i ei årrekke ikkje betalte kontingent til Norske Museers Landsforbund, vart laget sletta frå medlemsregisteret. Slik tørka både staten og pengelotteriet ut som finansieringskjelde. Søknad om midlar frå desse måtte nemleg gå gjennom Norske Museers Landsforbund. I samband med ei utbygging av tunet først på 1960-talet, får heimbygdslaget problem med finansieringa. Heimbygdslaget ser seg nøye til å skaffe ekstern finansiering og søker om medlemskap igjen. Norske Museers Landsforbund skriv til Lom heimbygdslag 4. oktober 1962:

*«Lom heimbygdslag har stått som medlem inntil 1947. Årsaken til at museet siden den tid ikkje har stått på vår liste skyldes at det i løpet av de følgende tre-fire år ikkje var mulig å få kontakt med museet, spesielt da i forbindelse med innbetaling av kontingenten».*

Heimbygdslaget hadde bruk for finansiering frå alle tenkelege kjelder, men ikkje alle ville gje tilsegn utan vilkår. I brev 4. januar 1961 til inspektør Normann på Maihaugen gjer formann i heimbygdslaget, Reidar Nyrnes, nærare greie for situasjonen:

*«På styremøte i Lom heimbygdslag den 29/1261 var millom anna salg av dublettar drøfta. Lom kommunestyre har på nytt antyda denne utveg for laget for på den måten å skaffe midler til å bygge vidare ut Lomstunet».*

Motviljug blir det sett i gang ein prosess. Ein rådfører seg med Lom lensmannskontor som i brev 15. desember 1961 kjem med forslag om at «en offentlig auksjon vil være den beste måte å velge for styret. Det kan nemlig da ikkje bli tale om at noen blir tilgodesett på lagets bekostning». Inspektør Normann på Maihaugen blir invitert til Lom for å gje ei verdivurdering av gjenstandane. Lom heimbygdslag skriv 22. januar 1961 til Lom kommunestyre:

*«Inspektør G.A. Normann på Maihaugen har lova ut å koma oppover til våren for å være med å ta ut og setja pris på dei dublettar det kan bli tale om å selja. Men han streka sterkt under at salg av dublettar bør vera siste utvegen(...). Men held kommunestyret fast ved denne utvegen skal heimbygdslaget for sin del hjelpe til å få seld så godt som råd».*

Det gjekk ikkje så ille som ein trudde. I møteboka til Lom kommune i sak 23 10. mars 1962 kan ein lese at det er gjort vedtak om å «gje Lom Heimbygdslag studnad til at dei kan få realisert sin plan om reising av en Lomsgard i Presthaugen» (Presthaugen er namnet på området der Lom bygdamuseum ligger). Støtta blir gjeven utan vilkår om sal av gjenstandar, jamvel om ein i vedtaket gjer merksam på at dei held fast ved det tidlegare vedtaket sitt om «at det kan realiserast eindel av dei ting som samlinga har mange av og som soleis kan realiserast utan større skade for den heile samling». I tillegg skriv Det Kongelige Kyrkje- og Undervisningsdepartement 3. juli 1963 at dei kan «yte et ekstraordinært bidrag for 1963 på kr. 1000» til utbygging av tunet. 4. juli 1962 søker Lom heimbygdslag kommunestyret i Lom om garanti for lån på kr. 25.000 «til flytting og fullføring av fjøs, stall og tørr-stugu i Presthaugen». Garantien blir alt gjeven 16. juni same året, og etter tinglysing av panteobligasjonen kan utbetalinga finne stad 14.12.1962. Alt i alt kan det som står over, vera eit eksempel på den «naturlege» rekkjefølgja når det galdt å prioritere hus opp mot gjenstandar.

### Omfanget av samlinga, tema og i kva grad samlinga er relevant

Objekta er valde etter den overordna tematikken «utsyr til transport med hest».

Alle objekt som høyrer til denne tematikken, er etter beste skjønn teke med i utvalet frå dei tre museumsavdelingane (Fig. 6). Utvalet av objekt speglar derfor den reelle delinga av typar og forklarar kvifor avdelingane er representerte med ulike tal av objekt (Fig. 7).

| Avdeling                         | Tal objektnummer | Prosent |
|----------------------------------|------------------|---------|
| Lom bygdamuseum                  | 94               | 64      |
| Lesja Bygdemuseum                | 18               | 12      |
| Jutulheimen bygdamuseum,<br>Vågå | 36               | 24      |
| I alt                            | 148              | 100     |

Fig. 6: Inndeling av objekt etter museumsavdeling

| Avdeling    | Bogtre | Høvve | Sledar | Skrin | I alt |
|-------------|--------|-------|--------|-------|-------|
| Lom BM      | 32     | 37    | 5      | 20    | 94    |
| Lesja BM    | 5      | 8     | 0      | 5     | 18    |
| Jutulheimen | 5      | 20    | 2      | 9     | 36    |
| I alt       | 42     | 65    | 7      | 34    | 148   |

Fig. 7: Inndeling av objekttypar etter museumsavdeling

### Stadtilknytning

Knapt tre fjerdedelar av utvalet har vore brukt, kjøpt eller produsert anten i Lesja, Vågå eller Lom. Stadtilknytning for den siste fjerdedelen har det ikkje vore mogleg å finne. Delinga viser i tillegg at det finst objekt frå nabokommunane på alle dei tre bygdemusea (Fig. 8 & 9). Dette viser at det har vore ei viss utveksling over kommunegrensene. Utvekslinga kan ha skjedd gjennom sal/oppkjøp, familieband eller rett og slett fordi visse handverkarar som var spesialistar på treskjerjing og rosemåling, var etterspurde langt utafor eigen heimbygd.

| Stad          | Tal objekt | Samlingstilknytning     |
|---------------|------------|-------------------------|
| Dovre         | 1          | Lom bygdamuseum         |
| Gausdal       | 4          | Lom bygdamuseum         |
| Lom & Skjåk   | 73         | Lom bygdamuseum         |
| Lesja         | 7          | Lom bygdamuseum         |
| Lesja         | 15         | Lesja bygdemuseum       |
| Vågå          | 1          | Jutulheimen bygdamuseum |
| Vågå          | 3          | Lesja bygdemuseum       |
| Vågå          | 2          | Jutulheimen bygdamuseum |
| <b>Totalt</b> | <b>106</b> |                         |

Fig.8: Inndeling av objekt etter geografisk tilknytning utifrå bruks-, produksjons- og kjøpsstad

| Stad            | Tal objekt | Samlingstilknytning     |
|-----------------|------------|-------------------------|
| Inga opplysning | 0          | Lesja bygdemuseum       |
| Inga opplysning | 33         | Jutulheimen bygdamuseum |
| Inga opplysning | 9          | Lom bygdamuseum         |
| <b>Totalt</b>   | <b>42</b>  |                         |

Fig. 9: Inndeling av objekt utan opplysningar om geografisk tilknytning

### Periodisering

I utgagnspunktet mangla dei fleste objekta datering ut over aksesjonsdatoen. Det ligg derfor eit omfattande arbeid bak sluttresultatet der 145 av 148 objekt er blitt periodiserte. På grunn av manglande skriftlege kjelder er datering gjort etter kjenneteikn frå stilhistorie, teknikk og form - og i nokre tilfelle knytt til ein truleg produsent. 67 % eller 97 objekt i utvalet finn ein i perioden ca. 1750 – 1850, «Den klassiske Folkekunstperioden i Norge» (Fig. 10)

| Periode     | Prosentdel | Tal objekt |
|-------------|------------|------------|
| 1650 - 1750 | 16,5       | 24         |
| 1750 – 1850 | 67         | 97         |
| Etter 1830  | 16,5       | 24         |
|             | 100        | 145        |

Fig. 10: Inndeling av objekt etter periode

Perioden kan delast i ein innleiingsfase frå ca. 1750 til slutten av 1700-talet, der nye skjere-, målemåtar og stiluttrykk blir tekne i bruk; ein konsolideringsfase frå slutten av 1700-talet til ca. 1840,

der stiluttrykk, skjere- og målemåtar frå den førre perioden i stort omfang blir brukte på nytt; ein stagnasjonsfase frå rundt 1840-1850 og framover, der bruken av dekor på kvardagsgjenstandar blir mindre. Innafor desse fasane ligg hovudtyngda av objekt i konsolideringsfasen 1800- 1850 med snautt 41 %, deretter innleiingsfasen 1750-1800 med ca. 26 % og nedgangsperioden etter 1840 med ca. 16 % (Fig. 11).

| Periode     | Prosentdel | Tal objekt |
|-------------|------------|------------|
| 1650 – 1750 | 16,5       | 24         |
| 1750-1800   | 26         | 37         |
| 1800-1850   | 41         | 60         |
| Etter 1840  | 16,5       | 24         |
|             | 100        | 145        |

Fig. 11: Inndeling av objekt etter fasane i «Den klassiske Folkekunstperioden i Norge»

Rundt 57 % av objekta har det vore mogleg å periodisere etter generelle kunsthistoriske stilkategoriar. Hovudtyngda ligg her innafor barokk, regence og rokokko, med rokokko som den dominerande stilarten i perioden mellom 1750 og 1800. Desse objekta utgjer 38 % av det totale talet på 145 periodiserte gjenstandar. Stilartane Louis XVI, empire og rokokko-empire stilblanding i perioden 1800-1850 utgjer 14 %; renessansestilen i perioden før 1750 utgjer 5 %. Størstedelen, ca. 90 % av dei objekta som kan periodiserast etter stilkategoriar, høyrer til «Den klassiske Folkekunstperioden i Norge» 1750-1850 (Fig. 12).

| Stil   | Periode   | Prosent av samla utval |
|--|-----------|------------------------|
| Barokk, regence, rokokko                         | 1750-1800 | 38                     |
| Louis XVI, empire og rokokko-empire stilblanding | 1800-     | 14                     |
| Renessanse                                       | -1750     | 5                      |

Fig. 12: Inndeling etter stilhistoriske kategoriar i prosent av samla utval (145 objekt)

### Akantus, flatskurd

To dominerande skurdtypar i Nord-Gudbrandsdalen på 1700-1800-talet var flat- og akantusskurden. Det kan derfor ha noko for seg å sjå på i kva grad desse typene er representerte i utvalet, og dermed i kva grad utvalet speglar lokale handverkstradisjonar. Flatskurden var utbreidd siste halvdel av 1600-talet og første halvdel av 1700-talet. Det mest vanlege motivet var renessanseranken, særleg i Lesja-skurden. Etter kvart blei tulipanar og andre motiv frå blomsterbarokken også brukte. En tredje type skurd som var mye i bruk på Lesja var karveskurden, skurd med geometriske mønstre. Utvalet har likevel ikke noen eksempel på denne skurdtypen.

I andre halvdel av 1700-talet blir akantusranken det leiande skurdmotivet i Nord-Gudbrandsdalen. Før denne utviklinga, sist på 1600-talet og første halvdel av 1700-talet, vart økonomien i landet

blitt betre. Ei av følgjene var auka økonomisk evne til å halde ved like og fornye, m.a. inventaret i kyrkjene, slik som altar, preikestolar osv. Kjende bilethoggarar og laugshandverkarar frå Christiania, nokre med utdanning frå utlandet, fekk dei første oppdraga i og rundt Christiania. Dei henta inspirasjon frå utanlandske strømnigar og introduserte utviklingen fra den spinklere renessanseranken til den fyldige, barokke akantusranken i kyrkjeornamentikken. Frå desse pionerane blei kunnskapen spreidd vidare til handverkarar og bilethoggarar som arbeidde i distrikta. Ein av dei mest kjende stilspreiarane var bilethoggaren Lars Jenssen Borg frå Christiania, aktiv bl.a. i Oppland først på 1700-talet. Her gjorde han inventar i akantusskurd til kyrkjene heilt opp til Kvam. Ein annan stor stilspreiar var gardbrukar og bygdehandverkar Lars Pinnerud, 1700-1762, frå Ringsaker. Eitt av arbeida hans er i Dovre-kyrkja.

Men det var i Nord-Gudbrandsdalen akantusornamentikken fekk det store og langvarige gjennomslaget. Her låg det til rette pga. god tilgang på handverkarar og god økonomi.

Graden av sjølveige for bønder var stor i Gudbrandsdalen. I løpet av 1700-talet var dei fleste blitt sjølveigarar. Då gjekk det dei tente på garden i deira eigen lomme. Når skatten var betalt, og det samla seg pengar på botnen av kista, hadde dei økonomi til å kunne betale for nytt inventar til kyrkja. Det er interessant å sjå korleis det er mange eksemplar frå seint 1600-tal og tidleg 1700-tal på at inventar i kyrkjer var kosta av prestar, futar og amtmenn, altså embetsmenn, mens man seinare finn ting som er kjøpt av kyrkjegjengarane sjølv – meinigmann.

Bakgrunnen for at bøndene, det vil seie kyrkjegjengarane, betalte for fornying av kyrkjeinventar, var det store salet av kyrkjer først på 1700-talet. Kyrkjene i Norge blei selte for å dekke krigsgjeld til det dansk-norske riksfellesskåpet. I Gudbrandsdalen blei alle kyrkjer selte i 1723, og alle blei selte til bygdefolket i fellesskap. Kyrkjelyden hadde frå før et ansvar for vedlikehald, men ved sjølv å vere eigar av kyrkjene, blei dette viktigare.

Ein annan føresetnad for gjennomslaget var den eldre utbreidde treskurdtradisjonen i Gudbrandsdalen. Treskurd, særleg flatskurd, var noko mange alt hadde drive med i generasjonar. Det skapte eit godt utgangspunkt for vidareføring av dei nye treskurdimpulsane. Hovuddpersonen og pioneren i Nord-Gudbrandsdalen var Jakub Bersveinsson Klukstad, 1705-1733, husmann frå Lesja. Andre dyktige bygdehandverkarar tok arven frå Klukstad og barokk-kantusen vidare, lærte av kvarandre og introduserte også sjølve nye stilelement i akantusskurden. Ola Rasmusson Skjåk (1744-1803), Sylfest Nilsson Skrinde (1732-1785) og Sevald Larsson Sperstad (1753-1804), alle frå Skjåk, henta inspirasjon frå rokkoko. Jakup Rasmusson Sæterdalen frå Lom/Vågå (1756-1821) og Estin Guttormsen Kjørrn frå Sel (1727-1805) la inn element både frå rokkoko, Louis XVI og empire.

I alt 63 % av objektutvalet på 148 er knytt til dei lokale skurdtradisjonane som rådde i Nord-Gudbrandsdalen (Fig. 13). Objekta med akantusskurd er jamt delt på alle fasane i «*Den klassiske folkekunstperioden i Norge*» 1750-1850 og er også representative for utviklinga i måten å skjere på i perioden. Her er skurd med fyldig akantus som var utbreidd siste halvdel av 1700-talet, skurd med den stiliserte og forenkla akantusen frå slutten på 1700 og første del av 1800-talet. Akantusutvalet har også ei god spreiding innafor dei fleste stilhistoriske kategoriane, inklusiv overgangsfasane der fleire stilartar er blanda. Her er skurd med den samanhengande ranken i barokken; skurd i reindyrka rokkoko med usymmetriske bladformer, stengelstubbar med c-former og bladtunger; rokkoko blanda med Louis XVI frå perioden 1780-1810; barokk blanda med rokkokoelement frå perioden 1775-1810; skurd med blanding av empire- og rokkokoelement frå perioden 1810-1830, og empire blanda med avrunda akantus frå perioden 1830-1860. I tillegg har utvalet og et mindre tal rosemalte objekt frå

perioden (fig. 13b). For fotoeksepel og nærare omtale av stilutviklinga sjå avsnittet «Stutt innføring i stilhistoria».

| <b>Stil</b>      | <b>Tal objekt</b> | <b>Prosent</b> |
|------------------|-------------------|----------------|
| <b>Akantus</b>   | 80                | 54             |
| <b>Flatskurd</b> | 13                | 9              |
| <b>Total</b>     | 93                | 63             |

*Fig. 13: Skurdtype delt på tal og prosent*

| <b>Stil</b>       | <b>Tal objekt</b> | <b>Prosent</b> |
|-------------------|-------------------|----------------|
| <b>Rosemaling</b> | 12                | 9              |

*Fig. 13 b. Rosemalte objekt delt på tal og prosent*

## Stutt innføring i stilhistoria

Folkekunsten sin stilhistorie er også historia om retarderte stilelement. Når til dømes bruken av renessanse- eller barokkstil for lengst er gått ut av bruk som kunstuttrykk både internasjonalt og i sentrale strøk i Noreg, kan vi sjå at elementa frå same stilart fortsatt er i bruk i folkekunsten. Stilbruken er «retardert» eller «forsinka» i forhold til nasjonale og internasjonale strømmingar elles. Til dømes var renessansestilen vanleg i Europa mellom 1400-1600, og i Noreg mellom 1550-1630. Men i flatskurden finn du ranker i renessansestil til langt inn på 1700-talet. Same tidsforskyvingar i stilbruken ser vi innan barokken, rokokkoen, Louis XVI og Regencestilen. Regence var til dømes på moten i Europa mellom 1700-1730, og mellom 1720-1750 i Noreg. Men i den norske folkekunsten ser man regencestilelement på slutten av 1700 og byrjinga på 1800. Bruk av regence hos lokale treskjerare ser vi mellom anna hos Jakub Sæterdalen frå Lom (1756-1821) til dømes over korboga i Lom kyrkje og hos Peder Olson Veggum (1768-1838) frå Vågå.

Studiet av retarderte element i den førindustrielle bondekulturen var heilt opp til slutten på 1950-talet et eige studiefelt, særleg innan for den svenske etnologien. Studiet av gjenstandars geografiske spreingsmønstre og utforskinga av kvifor «det nye» kom seinare til nokre områder enn andre, var kjernen i dette fagfeltet som blei omtala som «diffusjons- og innovasjonsstudier». Områda der gamle reiskap, stilretningar m.m. fortsatt var i bruk etter at de var forsvunne alle andre stader, blei kalla for «relikvieområder». Dei norske bygdene der folkekunstens retarderte stiltrekk fortsette å eksistere i lang tid, er slike relikvieområder.

### *Flatskurd, Lesjaskurd*

Dei eldste eksemplane på skurd i utvalet, er flatskurd. Flatskurd var utbreidd siste halvdel av 1600- og første halvdel 1700-talet. I Gudbrandsdalen heldt flatskurdtradisjonen seg til langt inn på 1700-talet. Seinare blei den avløyst av den meire plastiske akantusskurden, «barokkakantusen». Det vanligaste motivet var den spinkle renessanseranka, særleg i Lesjaskurden. Hovudmotivet i Lesjaskurden (flatskurd) var einsformige, flate og glatte ranker og rankestubber og spiralopprollade blad som for det meste er omgjort til småspiraler eller rundingar på stilk (Foto LBY0056).

### *Barokken*

I barokkens første del (frå 1630- til slutten av 1600-talet) hadde det vore *bruskformane* med dei skeive voluttane/ ovale formene som dominerte ornamentikken. Men i barokkens siste del frå slutten på 1600-talet blei akantus saman med andre motiv frå antikken oppdaga att.

«Akantusbarokken» blei nå dominerande særleg innan for kyrkjeutsmykkinga.

Akantusornamentikken blei kalla for «fransk løv». Frå midt på 1700-talet spreier ornamentikken seg til kvardagslege gjenstandar, interiør mm. Kjente bygdehandtverkare i Nord-Gudbrandsdalen som bringa akantusstilen vidare var mellom anna Jakup Bersveinsson Klukstad, (1705-1773) frå Skjåk, Ola Rasmusson Skjåk (Skjåk-Ola), 1744-1803, Sylfest Nilsson Skrinde, 1732-1785 frå Skjåk (elev av Klukstad), Jakup Rasmusson Sæterdalen frå Lom/Vågå (1756-1821).

Den barokke akantusranken var i høgare grad enn renessanseranken ein «bladranke», der stengelen for det meste er heilt gjømt av bladverket. Et eksempel er altertavla frå 1749 i Lesja kyrkje. Det var ein plastisk utforma ranke med storbladet akantuskroller og rankegreiner med tett løvverk som kruller seg saman i små og store spiralar. Ranken var samanhengande i motsetning til den seinare rokokkoranken (Foto LT03519.00). Mange stader på bygda heldt akantusbarokken på



å vere eit hovudmotiv ut over på 1800-talet jamvel om den blei blanda med rocaille (skjellformar) og rankestubber under rokokkoen.

#### *Regence*

Regence er ein stilperiode mellom barokk og rokokko kring 1720-1750. Den er ofte blanda med andre stilar. Eit karakteristisk trekk er dei knekte band med skarpe vinklar. Brukt saman med akantus blir det kalla *bandakantus*. Regencebandet fungerer her som eit skjelett for rankeverket. Regence blei mellom anna brukt på Jakub Sæterdalens dekorasjon over korboga i Lom kyrkje. Eit døme i utvalet ses på Foto LBY0173.

#### *Rokokko*

Rokokkoen 1750-1780 avløyste barokken, men blei i folkekunsten ofte blanda med nettopp barokkelement. Rokokkoen hadde likevel nokre særtrekk samanlikna med den tidligare samanhengande barokke akantusranka. Typiske rokokkoelement er mellom anna rocailleformer slik som muslingar, sniglehus, korallar (foto VHV1288); S-forma kurver; C-former (rett og omsnudd) med bladverk; c-forma stengelstubbar med bladtunger i staden for vanlege bladdekte greinar; usymmetriske ornament sett saman av akantuskroller; bladformer utan stengel; bladverk som går ut frå ein og same side og utan ranke (Foto LBY0170).

#### *Empiren*

Empiren (1810-1830) og Louis XVI høyrer til nyklassisismen. Første fase av n-k (Louis XVI 1780-1810) avløyste rokokkoens uro med symmetri og ro. Typiske motiv var (til dømes på omnar) urner, girlander, ovalar, rette liner og opne felt med enkle former. I akantusbygdene i Nord-Gudbrandsdalen gjekk hovudutviklinga frå akantusbarokk til akantusrokokko, mens nyklassisismen fekk mindre innflytelse (Foto LT02503).

#### *Etter ca. 1830*

Treskjerarane på 1800-talet lagde stort sett variasjonar over tema som var kjend på frå før. Akantusmotivet fortsette å stå sterkt i Gudbrandsdalen på heile 1800-talet. På slutten av folkekunstperioden midt på 1800-talet får vi mellom anna den veldig finskorne og detaljerte akantusskurden i folkekunsten (Foto VHV1491).



LBY0056. Flatskurd med ranke i renessansestil tyder at skrinet kan vere frå første del av 1700-talet, kanskje siste halvdel av 1600-talet; antakeleg Lesjaskurd.



LBY0173. Skurd med voluttranke. Det knekkete bandmotivet langs oversida er et stillelement typisk for Regencestilen (ca. 1720-1750)



LT-03519.00. Høvve og bogtre. Forenkla akantus. Sammenhengande akantusranke i barokkstil. Den forenkla akantuskurden er eit stiltrekk som hører hjemme på slutten av 1700-talet, begynnelsen på 1800-talet.



LBY0170. Usymmetrisk ornamentikk satt saman av forskjelligartet bladkrull i rokokkostil. Eksempel på slik skæremåte ser man m.a. hos Skjåk-Ola (Ola Rasmusson Skjåk), 1744-1803



LBY0330. Akantuskurden er skore med djupt relieff, noe som var vanlig i den første halvdel av «folkekunstperioden» ca. 1750-1800.



VHV0443) Langsgående riller på alt som ikke er akantus var vanlig mellom rokokko og empire på 1790-talet.



VHV0308. Skurd med stilisert akantuskrull malt i friske gule, oransje og blå farger. Stilisert akantus var vanlig i perioden rundt 1780-1820. Bruk av sterke røde, gule og grønne fargenyanser ble vanlig i perioden mellom 1820-1850.



VHV1288. Rokokkodekor med muslingmotiv (rocaille).



LT-02503.00. Store tomme feltar, et stilelement fra empiren ca. 1810-1830. Den veldig avrunda akantusskurden i høvreendane er et trekk som finnast igjen på mye av skurden rundt midten på 1800-talet (ca. 1830-60).



VHV1491. Detaljert, naturalistisk og perfekt akantus som var vanlig på slutten av folkekunstperioden omkring midt på 1800-talet. Høvret kan vere skore av Johannes Jørgensen Odde frå Vågå (1836-1899).



VHV1515. Høvrel med enkel og pent avrunda akantusskurd, et stiltrekk som finnast igjen på mye av skurden rundt 1830-1860-talet.

### Tilknytning lokale produsentar

Kjennskap til lokale produsentar har til ein viss grad hjelpt å kartlegge datering, stilhistorie og geografisk tilknytning, tilhøve som er viktige for å fastslå proveniensen. I registreringsprotokollane fann vi diverre få opplysningar. Ei generell oppsummering av produsenttilknytning i «*Katalog for Lom bygdesamling*» 1925 var den einaste opplysninga om produsentar i dei registreringsprotokollane vi hadde å arbeide med:

*"62 selatre & høvrel. Arbeid av Klukstad, Skjaak-Ola, Sev. Sperstad, Sylfest Skrinde osv. Alle frå Lom og Skjåk. 30 selatre og 32 høvrel. NB. Desse tre er mest alle dei eldste typur i Gudbrandsdalen, somme skriv utan tvil frå fyre reformasjonen".*

For 38 av dei 148 utvalde objekta kunne ein til ein viss grad bestemme produsentane. Dei fleste objekt med identifiserte produsentar blei funne på Lom bygdamuseum. 30 % av objekta i materialet frå Lom Bygdamuseum var knytt til ein kjend produsent, 22 % på Lesja bygdemuseum og 12 % på Jutulheimen bygdamuseum (Fig. 14).

| Tal objekt i alt | Tal objekt med truleg kjende produsentar | Samlingstilknytning     |
|------------------|--|-------------------------|
| 94               | 29                                       | Lom bygdamuseum         |
| 18               | 4  | Lesja bygdemuseum       |
| 36               | 5  | Jutulheimen bygdamuseum |
| <b>148</b>       | <b>38</b>                                |                         |

Fig. 14: Kjende lokale produsentar i treskjering og rosemåling 1750-1900. Inndeling etter avdeling.



Kjennskapen til produsentane ga også ei aning om den geografiske tilknytninga til objekta. Inndelinga av objekt med kjende produsentar var slik at 18 av 38 objekt kunne knytast til produsentar frå Lom og Skjåk, 18 objekt til produsentar frå Vågå og Sel og 2 objekt til produsentar frå Lesja (Fig. 15).

| Namn  | Født/død       | Stadtilknytning<br>(kommune) | Tal objekt |
|---|----------------|------------------------------|------------|
| <b>Estin Guttormsen<br/>Kjørrn</b>                                    | 1727-1805      | Sel                          | 7          |
| <b>Sylfest Nilsson<br/>Skrinde</b>                                    | 1732-1785      | Skjåk                        | 6          |
| <b>Ola Rasmusson Skjåk</b>  | 1744-1803      | Skjåk                        | 3          |
| <b>Ola Iverson Bræk</b>   | 1749-1833      | Skjåk                        | 2          |
| <b>Sevald Larsson Sper-<br/>stad</b>                                  | 1753-1804      | Skjåk                        | 0          |
| <b>Jakup Rasmusson<br/>Sæterdalen</b>                                 | 1756-1821      | Lom, Vågå                    | 7          |
| <b>Peder Olson Veggum</b>   | 1768-1836      | Vågå                         | 3          |
| <b>Hans Olsson Helle-<br/>løkken</b>                                  | 1791-1858,     | Vågå                         | 8          |
| <b>Jakup Erlandsson<br/>Klukstad &amp; Ola<br/>Jakupsson Klukstad</b> | ca. 1790/1800- | Lesja                        | 2          |
| <b>I alt</b>  |                |                              | 38         |

Fig. 15: Kjende lokale produsentar i treskjerjing og rosemåling 1700-1900. Inndeling etter namn og tal på objekt

#### I kva grad er utvalet representativt

For å kunne slå fast kor representativt utvalet av objekt er i høve til dei nasjonale og lokale trendane og utviklingslinene ville det vore naudsynt med eit langt meir omfangsrikt empirisk materiale. Eg støttar meg derfor m.a. på eit større studium av Norsk Treskurd av Elise Marie Magerøy. Ho trekkjer fram at hovudutviklinga i akantusbygdene i Nord-Gudbrandsdalen gjekk frå akantusbarokk til akantusrokkoko, medan empire- og Louis XVI-stilen i nyklassisismen fekk mindre påverknad. Som gjort greie for i avsnittet «*Periodisering*», fig.12, speglar utvalet vårt den same tendensen, med hovudtyngd innan barokk, barokk/rokkoko og rokkoklo, medan stilartane etter rokkokoen, i nyklassisismen, utgjer ein relativt liten del.

I høve nasjonale strømnningar i folkekunsten kan objektutvalet knytast til «*Den klassiske Folkekunstperioden i Norge*» ca. 1750-1850. Dette er perioden der treskjerar- og rosemålingstradisjonen utført av sjølvlærte bygdehandverkarar blomstra, konsoliderer seg og blir borte att. Er utvalet frå Lom, Lesja og Vågå representativt for denne strømninga? Berre 67 % av objekta høyrer til denne perioden, slik at heile utvalet kan ein ikkje seie er representativt. Men objekta innan dei 67 % representerer trass alt typiske utviklingstrekk i skjeremåte og stilbruk, som er gjort greie for i avsnittet «*Akantus, flatskurd*».

Det same gjeld for representativiteten i høve til dei dominerande lokale skurdtradisjonane, flatskurd og akantusskurd. Berre 63 % av utvalet høyrer til desse skurdtypene. Men objekta innan dei 63 % har

ei jamn fordeling på fasane i «*Den klassiske Folkekunstperioden i Norge*», ei bra spreiding på dei fleste stilhistoriske kategoriane i perioden, inklusiv overgangsfasane der fleire stilartar er blanda. Objekta er til ein viss grad representative for utviklinga i skjeremåten i Nord-Gudbrandsdalen i perioden.

Berre 25 % av utvalet kan knytast til dei mest kjende lokale bygdehandverkarane i perioden og tilfører derfor bare i mindre grad det totale utvalet kulturhistorisk verdi. På den andre sida aukar tilknytninga verdien av nettopp desse objekta. Dei er i ein kategori for seg sjølve, både ved å vera knytt til kjende lokale produsentar og på grunn av den kunstneriske kvaliteten til skurden. Stadtilknytninga (fig. 15) til handverkarane gjer i tillegg objekta verdifulle som eksempla på ein høgt utvikla lokal handverksproduksjon.

### I kva grad er utvalet relevant

Om utvalet er relevant blir her berre sett i høve til i kva grad det er samsvar med formål i vedtekter, strategiplanar o.l. for Gudbrandsdalsmusea og for dei lokale medeigarane; Vågå historielag, Lom heimbygdslag og stiftinga Lesja bygdemuseum. Dette gjev svar på om utvalet av objekt er noko museet bør ta ansvar for (brukte lover m.m. se fig. 16).

Utifrå gjennomgangen i avsnitta over kan tematikken i samlinga ordnast under folkekunst og treskjering i perioden 1700-1850 i Nord-Gudbrandsdalen, med særleg vekt på transportutstyr for hest. Vedtekter og formålsparagrafar til medeigande lag og stiftingar gjer det veldig enkelt å svare stadfestande på spørsmålet om utvalet er relevant. Vedtektene og formålsparagrafane deira er alle så breitt formulerte at nær sagt alt som har tilknytning til den lokale historia, er relevant. Her er eit par formuleringar:

*«Laget skal fremje og holde vedlike interessen for lokalhistorie i Lom, samle inn og ta vare på alt som fortel om bygda si historie og om livsvikåra åt bygdfolket gjennom tidene»* (Lom heimbygdslag)

*«Lesja bygdemuseum har til formål å ta vare på og verne kulturminne i Lesja. Det skal samle og vise frem materielt kulturgods som kan fortelje om folkelivet i Lesja frå eldre tid»*

*«Laga har sett som mål (...) vørna millom bygdafolkje for de gamle minne frå bondekulture i Vågå som ennå finnst att enten det er arbeidde ting hell muntlige erveminne»* (Vågå historielag 2016).

Selskapsavtalen for den tidlegare konsoliderte eininga, Museet i Nord-Gudbrandsdalen, der dei tre bygdemusea var med, var ikkje mindre generell i formuleringane sine, der det heitte at museet skal *«forvalte, verne og dokumentere kulturarven i Nord-Gudbrandsdalsregionen»* og *«legge til rette for kunnskapsutvikling, innsamling, oppbevaring, dokumentasjon, forskning og formidling innen for museets interesseområder»*

*«Samarbeidsavtalane»* mellom Gudbrandsdalsmusea og dei lokale eigarane frå 2009 er helt utan spesifikasjonar og sir berre at dei *«blir eigar av nyerverva gjenstandar, sjølv om desse blir kjøpt over driftsbudsjettet til Gudbrandsdalsmusea AS»*

Når det gjeld det nyaste dokumentet *«Strategidokument 2015-20120»* for Gudbrandsdalsmusea, er museets formål formulert endå breiare. Museet skal ta *«vare på kunnskap om fortida og samtida for menneska i framtida»*. Det finst i dokumentet inga seinare avgrensing av verken geografi eller periode for samlingar, innsamling og dokumentasjon. I staden blir det presisert at ein manglar slik avgrensing:

«Vi har ikkje avklara mål for samlingene ved dei ulike avdelingene og regionmuseet totalt», men «All dokumentasjon og innsamling bør ha fokus på både materiell og immateriell kultur- og naturarv».

Konklusjonen blir at utvalet av objekt er relevant for museet. Utvalet ligg innafor det som museet skal ta vare på, både etter eldre og dei nyaste dokument som gjeld. Når det har vore så enkelt å avgjera om utvalet er relevant, kjem det av at vedtektene for museet har vore så vide at dei femnar om det meste. Det betyr i praksis at i kva grad utvalet av gjenstandar er relevant og dermed oppfyller grunnføresetnaden for at museet bør ta vare på desse objekta, kviler på eit tilnærma uspesifisert grunnlag og eit for svakt fundament.

| Institusjon                         | Dokument  | År        |
|-------------------------------------|---|-----------|
| Lom heimbygdslag                    | Vedtekter for Lom heimbygdslag                                  | 1984      |
| Lesja bygdemuseum                   | Vedtekter   | 1984      |
| Lom bygdamuseum                     | Vedtekter   | 1995      |
| Museet i Nord-Gudbrandsdalen<br>IKS | Selskapsavtale  | 2002      |
| Lom bygdamuseum                     | Samarbeidsavtale mellom<br>Gudbrandsdalsmusea og Lom<br>kommune | 2009      |
| Vågå historielag                    | Vedtekter   | 2002      |
|                                     |   |           |
| Gudbrandsdalsmusea as               | Strategidokument  | 2015-2020 |
| Vågå historielag                    | Lover   | 2016      |

Fig. 16: Brukte lover, vedtekter og formålskrav

## Kontekst

### Konteksten i innsamlinga

Innsamlinga og innleveringa av objekta har skjedd i to ulike periodar; midt på 1920-talet og i tida 1979 – 2000. Innsamlinga av gjenstandar frå den førindustrielle bondekulturen (skurd, reiskap, draktar m.a.) på 1920-talet var fundert i romantikkjen sitt tankegods og i den stadig veksande interessa for «den gamle bondekulturen», denne kulturen sine uttrykk og levemåte. Innsamlinga på slutten av 1900-talet var fundert på heilt generelle prinsipp, slik som å samle inn alt som kunne fortelje om »folkelivet i eldre tid», «alt som fortel om bygda si historie», jf. avsnittet «I kva grad er samlinga relevant».

Interessa for den førindustrielle bygdekulturen auka gradvis frå slutten av 1870-talet då ideen om friluftsmuseum første gong blei formulert. Her skulle den lange utviklinga av det særeigne norske kome til syne gjennom materielle kulturuttrykk som framleis var bevart i bygde-Noreg. Yngvar Nilsen samla frå 1870 inn sjeldne drakter, treskurd og møblar frå både Telemark, Setesdal og Sunnfjord. Norsk Folkemuseum som hadde eit nasjonalt perspektiv på bygdekulturen, blir stifta alt 1894 og opnar i 1902. Anders Sandvig på Lillehammer starta innsamling av bygdehistoriske gjenstandar på 1880-talet. Sandvigs perspektiv var regionalt og omfatta mellom anna Gudbrandsdalen. Olav Aukrust,

som skapte samlinga ved Lom bygdamuseum, samla inn frå rundt 1900 til midt på 1920-talet. Aukrust hadde eit lokalt og regionalt perspektiv, stort sett avgrensa til Nord-Gudbrandsdalen.

Frå 1920 spreier den lokalorienterte interessa seg for bygdekultur. Ei mengd lokale historielag, heimbygdslag og bygdemuseum dukkar opp i denne perioden. I Nord-Gudbrandsdalen blir Vågå Historielag stifta 1929, Jutulheimen (Vågå bygdamuseum) opnar 1956; Lom heimbygdslag blir etablert i 1925, og dei første husa på bygdetunet blir sette opp i 1945. Lesja Heimbygdslag blir stifta i 1958 med formålet å opprette eit bygdetun. I 1975 får vi tilskottsordninga for halvoffentlege museum med krav om tilsetting av fagutdanna personale for å få tilskott. I 1988 blir det tilsett ein distriktskonservator med ansvar for bygdemusea i Lom, Lesja og Vågå.

Sidan objekta har blitt samla inn i så ulike periodar, kunne ein kanskje vente at dei var samla inn etter ulike kriterium og etter heilt ulike historiesyn. Men noko slikt kan ikkje påvisast. Objekta som er samla inn på slutten av 1900-talet, skil seg ikkje i nemnande grad frå dei objekta som er samla inn først på 1900-talet. Det er framleis primært objekt med dekorative, handverksmessige kvalitetar frå perioden ca. 1750-1850, «*unike eksemplarer*» frå stordomstida til bygdekulturen i det førindustrielle samfunnet. Tankegodset som styrte innsamlinga tidleg på 1900-talet, kan derfor sjå ut til å gjelde også på slutten av 1900-talet.

### Den nasjonale konteksten

Etter ei inndeling i periodar er hovudvekta av utvalet frå 1750 til 1850, og det er ein integrert del av to nasjonale strømningsar. Som omtala tidlegare i avsnittet «*Akantus, flatskurd*», er den eine strøminga det økonomiske oppsvinget på 1700-talet. Det blei råd til nytt kyrkjeinventar med nye stilartar og bruk av lokale handverkarar som spreidde kunnskapen vidare. Den andre strøminga er «*Den klassiske folkekunstperioden i Norge*» 1750-1850 når den dekorative folkekunsten utviklar seg, blomstrar og etter kvart blir borte att. Denne utviklinga følgjer den generelle samfunnsutviklinga. Folkekunsten, som er ein del av bygdehandverkstradisjonane, blir halden ved like så lenge alternative produksjonsmåtar ikkje er rådande. Utvalet er på den måten ein genuin del av den førindustrielle bondekulturen fram til 1850, før utviklinga mot nye tider skyt fart mot slutten av 1800-talet.

### Den lokale konteksten

Lokalt er utvalet ein integrert del av stilutviklinga som særleg kom til å prege Nord-Gudbrandsdalen, nemleg akantusornamentikkjen. Utvalet eksemplifiserer også utviklinga av stilen innafor akantusornamentikkjen. Som gjort greie for i avsnittet «*Akantus, flatskurd*», har utvalet eksempel frå heile perioden på ulike skjeremåtar, tillemping og samanblanding av stilartar m.m.

Som vist i samband med akantusornamentikkjen er objekta knytt til eit avgrensa geografisk område eller kontekst, Nord-Gudbrandsdalen. I avsnittet «*Stadtilknytning*» blei det vist at knapt tre fjerdedelar av utvalet har vore brukt, kjøpt eller produsert anten i kommunane Lesja, Lom eller Vågå. I dei tilfelle der produsenten var kjend, var fordelinga slik at 18 av 38 objekt kunne knytast til produsentar frå Lom og Skjåk, 18 objekt til produsentar frå Vågå og Sel – og to objekt til produsentar frå Lesja.

Nesten alle gjenstandar er tilknytt det sjølveigande bondesjiktet i Nord-Gudbrandsdalen. Samstundes kommer produsentane av gjenstandane ofte frå mindre gardsbruk eller husmannsstanden. Objektene fungerte både som bruksgjenstandar og statussymbol som fortalde om stand og tilhøyrse i samfunnet.

## Opplysningar frå informantar og ressurspersonar

Prosjektgruppa har hatt glede av å trekkje vekslar på kunnskap frå lokale ressurspersonar med kunnskap om bygdekunst og bygdehandverk. Generelt har det vore vanskeleg å få til møte med dei. Informantane har vore opp i åra, og mange har takka nei pga. dårleg helse. Andre har vegra seg fordi dei meinte at dei ikkje hadde noko å bidra med om tidfesting, stilhistorie, produsenttilknytning m.m. Prosjektgruppa fekk likevel til eit møte på Lesja med tre lokale informantar og var ein heil dag saman med dei. På møtet vart objekt frå Lesja bygdemuseum omtala og diskuterte. For å få ein breiare bakgrunnskunnskap om stilhistoriske trekk og tilknytninga til lokale, kjende produsentar hadde prosjektgruppa eit miniseminar over to dagar saman med kunsthistorikar Kåre Hosar frå Maihaugen. Etter å ha gått gjennom over 100 av dei utvalde objekta hadde vi fått ny og viktig kunnskap. Ved å bruke stilhistoria som hjelpemiddel fekk vi ei betre grunngeving for datering og ein betre omtale av objekta i Primus,

## Tilstand og miljø

| Kode | Tilstand   | Omtale  |
|------|------------|---|
| 0    | Særs god   | Ingen skader. Kan gjerne ha spor etter bruk, slitasje             |
| 1    | God        | Konserverande behandling ønskjeleg.                               |
| 2    | Nokså god  | Mindre skadd. Kan ha spor etter bruk, reparasjonar, slitasje o.l. |
| 3    | Mindre god | Tilstand ustabil  |
| 4    | Kritisk    | Umiddelbar konserverande behandling ønskjeleg                     |

Fig.17 : Brukte tilstandskoder jmf. omtale i Primus.

I Kode 1 har prosjektet definert «konserveringsmessig behandling» som både førebyggjande (flytte til rom med betre klima til dømes) og som «inngripende» tiltak (rustbehandling, reparasjon og liknande).

Tilstanden til objekta er vurdert etter kategoriane i Fig. 17. Av 148 objekt treng berre 21 ei eller anna form for tiltak (Fig. 18). Av dei som har behov for tiltak, har to tilstandskode 0, utstillingsklar, og bør bli haldne under observasjon for rust. Seks har tilstandskode 1 der konserverande behandling er ønskjeleg. Åtte objekt har tilstandskode 2, objekt med mindre skader. Objekta har behov for ulike tiltak etter skadetype og omfang m.a. observasjon, omplassering og reparasjon. Fem har tilstandskode 3, objekt der tilstanden er ustabil. Objekta bør bli haldne under observasjon i samband med sprekkdanning og rust. For omtale av anbefalt behandling se vedlegg 8 «Objekt med behandlingsbehov».

| Tilstandskode | Tal |
|---------------|-----|
| 0             | 2   |
| 1             | 6   |
| 2             | 8   |
| 3             | 5   |

Fig.18: Objekt med behov for tiltak delt etter tilstandskode

Talet på objekt med behov for tiltak deler seg ulikt på dei tre museumsavdelingane (Fig.19). Ein kan kanskje tru at oppbevaringsforholda har vore dårlegast der det er flest behov for tiltak. Slik er det ikkje. Den museumsavdelinga som har det største talet på objekt av det totale utvalet, har også flest objekt med behov for tiltak. Som det er gjort greie for i avsnittet «I kva grad er utvalet representativt», er det i heile utvalet over dobbelt så mange objekt frå Lom bygdamuseum som frå dei to andre musea til saman. Dette viser seg og i talet på objekt med behov for tiltak.

| Lom bygdamuseum | Lesja bygdemuseum | Jutulheimen bygdamuseum | I alt |
|-----------------|-------------------|-------------------------|-------|
| 12              | 4                 | 5                       | 21    |

Fig.19: Objekt med behov for tiltak delt på museum

Oppbevaringstilhøva ved dei tre museumsavdelingane ser ut til å ha vore relativt like fram mot slutten av 1900-talet, og starten på 2000-talet. Oppbevaringa var i antikvariske bygningar e.l. utan regulering av fukt og temperatur. Klimaet har truleg ikkje vore særleg annleis enn det som er målt dei siste åra i eit magasin i ein antikvarisk bygning på Lom bygdamuseum: for høg relativ fukt og for låg temperatur store delar av året, som er gjort greie for i avsnittet «Oppbevaringshistorikk». Slik var tilhøva ved Lesja bygdemuseum fram til først på 2000-talet. Da vart objekta flytta til eit nytt kjellarmagasin i betong. Ved Jutulheimen bygdamuseum var det som på Lesja fram til 2014. Då vart objekta samla i ein oppvarma antikvarisk bygning. Frå då kan oppbevaringstilhøva ved bygdemusea på Lesja og i Vågå karakteriserast som «tilfredsstillande», der mindre utbetringar kan gjera tilhøva optimale. For Lesja vil det vera å justere det låge fuktnivået, for Vågå vil det vera å flytte samlinga til eit magasin med betre brann- og tjuverisikring. Oppbevaringstilhøva ved Lom bygdamuseum er framleis «ikkje tilfredsstillande». Vurdering av oppbevaringstilhøva er gjort utifrå definisjonane som er vist i skjema, fig. 20.

| Definisjonar             | Omtale   |
|--------------------------|--|
| <b>Svært gode</b>        | Magasin og lokale som i størst mogleg grad sikrer gjenstandsmaterialet mot nedbryting og negativ påverknad av noka slag (...)  |
| <b>Tilfredsstillende</b> | Magasin og lokale som sikrer at materialet ikkje blir brote ned. Mindre forbetringar vil kunne tilfredsstille kravane om optimal magasinering. Sjøv om forholdane ikkje er optimale, kan dei |

| Definisjonar                   | Omtale   |
|--------------------------------|--|
|                                | tilfredsstillende behova for lågare prioriterte deler av samlinga.   |
| <b>Ikkje tilfredsstillande</b> | Behov for større tiltak for å oppnå tilfredsstillande oppbevaringsforhold. Eit alternativ er at samlinga blir flytta.  |
| <b>Dårleg</b>                  | Lokale som er uegna til formålet og oppbevaringsforhold som er til stor fare for at samlingane blir ødelagt innan kort tid. Anten må materialet flyttast, eller oppbevaringsforholda forbetrast ved svært omfattande tiltak. |

Fig. 20: Oppbevaringsforhold, definisjonar

### Andre liknande gjenstandssamlingar

Jf. Digitalt Museum finst det på nasjonalt område mange objekt av same type som utvalet ved bygdemusea i Lom, Lesja og Vågå (Fig. 21). I kva grad dei stammar frå same periode, er det ikkje mogleg å avgjera. Berre få objekt på Digitalt Museum er daterte. Av rundt 2000 høvre er til dømes berre 260 daterte. Vi kan derfor berre slå fast at det *kan* vera sannsynleg at samlingane i heile landet, både når det gjeld periode, stiltrekk og skurdtypar overlappar signifikant utvalet frå Lom, Lesja og Vågå.

I eit regionalt perspektiv som femnar om heile Gudbrandsdalen, er det heller ikkje enkelt å avgjera i kva grad det finst liknande objekt/samlingar. Lillehammer museum har berre publisert eit fåtal objekt på Digitalt Museum. Men i følgje Kåre Hosar ved Lillehammer museum er samlinga deire stor, sjølv om ho ikkje kan samanliknast med samlinga ved Norsk Folkemuseum.

|                   | Alle muse-<br>um totalt | Norsk<br>folkemuseum | Lillehammer<br>museum | Significanceutaval |
|-------------------|-------------------------|----------------------|-----------------------|--------------------|
| <b>Spissleder</b> | 135                     | 96                   | 2                     | 7                  |
| <b>Reiseskrin</b> | 386                     | 181                  | 6                     | 34                 |
| <b>Høvre</b>      | 2261                    | 1504                 | 6                     | 64                 |
| <b>Bogtre</b>     | 1769                    | 1210                 | 6                     | 42                 |

Fig.21: Nasjonal og regional fordeling av objekttypar publisert på Digitalt museum

Det kan finnast samlingar av liknande type objekt i privat eige. Å undersøke dette er eit prosjekt i seg sjølv og fell utanfor formålet med Significanceprosjektet vårt. Olav Aukrust skal likevel nemnast. Som omtala tidlegare i avsnittet «*Samlingshistorikk*», stammar ein stor del av objekta i signficanceutvalet frå kjøpet av samlinga til Olav Aukrust på 1920-talet. Lom heimbygdslag/Lom kommune var ikkje dei einaste kjøparane. Aukrust selde også ca. 300 objekt til Jørgine Slettede Boomer fødd 1887 i Bøverdalen, utvandra 1903 til USA og gift 1920 med Lucius M. Boomer. Kva denne samlinga inneheld, veit vi ikkje, men deler av ho er i dag på Bøverdalen vandrarheim i Lom.

### Samanlikning av dei tre delsamlingane i utvalet

Vurdert utifrå talet på objekt, variasjonar i stil- og skurdtypar og spreiding over tid skil delsamlinga i Lom seg ut i høve til samlingane i både Vågå og Lesja. Ho har det største utvalet av objekttypar

(sledar, høvre, bogtre, reiseskrin), stil-og skurdvariasjoner. I denne sammenhengen blir delsamlingane i Vågå og på Lesja eit «gjentak» i mindre format av samlinga frå Lom. Slik sett vil delsamlinga i Lom åleine kunne representere heile perioden mellom 1750 og 1850, «*Den klassiske folkekunstperioden i Norge*», på ein tilfredsstillande måte.

## Relaterte objekt

Utvalet av objekt er ein del av ein større samlingsmessig samanheng. Det er ei delsamling innan ei stor mengd folkekunstobjekt, som m.a. består av skåp, mangletre, stueklokker, biletvev m.m. Posisjonen utvalet har i denne sammenhengen er ikkje tema her. Det er likevel viktig å kjenne til samanhengen viss ein seinare ønskjer å etablere folkekunstobjekta som *ei* homogen samling. Då kan det hende at ein del bogtre og høvre vil bli vurderte som mindre representative uttrykk for norsk folkekunst. Til slutt er det også verdt å nemne at dei fleste objekt frå utvalet frå Lom bygdamuseum er ein del av ei større samling på ca. 400 folkekunstobjekt som blei kjøpt frå Olav Aukrust på 1920-talet.

## Vurdering

I det følgjande skal verdien av signifikansutvalet bli vurdert. Vurderinga blir gjort med bakgrunn i utgreiinga i hovudkapitlet «Omtale». Etter Signifikansmetoden er det ikkje først og fremst tale om ei vurdering av verdien for museet, men om verdien i seg sjølv av utvalet som historisk dokument, kunstnarleg uttrykk, som kjelde til kunnskap eller som identitetsmarkør for eit sosialt eller åndeleg fellesskap. I tråd med dette må eit objekt, ei samling eller eit utval kunne knytast til minst eitt av fire hovudkriterium for verdi:

1. Historisk verdi (kunsthistorisk verdi)
2. Estetisk og kunstnarleg verdi
3. Kunnskaps- og forskingsverdi
4. Sosial og åndeleg verdi

Kan eit objekt eller ei samling ikkje knytast til nokon av kriteria, er det ikkje noko grunnlag for å snakke om verdi.

For å kunne finjustere i kva grad objektet eller samlinga er verdifull, må ein ta i bruk «samanliknande kriterium». Slike kan ikkje stå åleine i ei vurdering, men dei kan vekte primærkriteria opp eller ned. F.eks. kan ei samling med stor historisk verdi(hovudkriterium) og bra proveniens(samanliknande kriterium) få større verdi enn samlinga som har stor historisk verdi, men liten proveniens. Dei samanliknande kriteria er:

1. Proveniens
2. Kor sjeldan/kor representativ
3. Tilstand og heilskap
4. I kva grad er utvalet relevant for museet
5. Opplevingsverdi

For å vurdere verdien til kriteria blir det stilt bestemte spørsmål. Spørsmåla er målereiskapane eller parametranane våre når verdien blir vurdert.

Signifikansmetodikken er ikkje lagt opp for kvantifisering. Verdien for historiske eller andre kriterium skal vurderast etter dei kvalitative data som er samla inn. Dette kan lett føre til mykje syning og utydeleg grunngeving av konklusjonane. For å konkretisere det eg har basert



vrderingane mine på har eg derfor valt å snevre inn det kvalitative skjønnet. Slik blir verdien bestemt etter kor stor del av utvalet sine objekt som kan knyttast til dei forskjellige kriterium. Det er gjort desse avgrensingar: Låg del = 0-35 % av utvalet. Utvalet har tilsvarende låg verdi. Middels stor del = 36-65 % av utvalaet. Utvalet har tilsvarende middels verdi. Høg del = 66 – 100 % av utvalet. Utvalet har tilsvarende høg verdi.

### Historisk verdi

Den historiske verdien skal m.a. vurderast etter i kva grad utvalet kan knytast til bestemte personar, grupper, stader, hendingar, aktivitetar, periodar, arbeidsprosessar m.m. i fortida. Dette er målereiskapane eller parametrane når den historiske verdien blir vurdert.

Dokumentasjonen for dette finst i utgreiinga i avsnitta «Omfanget av samlinga..» og «Kontekst». Her skal eg berre oppsummere funna.

### Stadtilknyting

Del objekt knytt til bestemte lokalitetar er høg. Knapt tre fjerdelar av utvalet har vore brukt, kjøpt eller produsert, anten i kommunane Lesja, Lom eller Vågå. For den siste fjerdedelen har det ikkje vore mogleg å spore stadtilknyting. Dette gjeld 33 objekt frå samlinga i Jutulheimen, Vågå (jf. fig. 8 & 9)

### Lokale skurdtradisjonar

Del objekt knytt til lokale skurdtradisjonar kan karakteriserast som middels stor. I alt 63 % av objekta er knytt til lokale skurdtradisjonar som var rådande i Nord-Gudbrandsdalen frå rundt 1700-1850. Hovudtyngda ligg på akantusskurden med 54 % og sekundært på flatskurden med 9 %. Objekta med akantusskurd er i tillegg delt jamnt på alle fasane i «Den klassiske folkekunstperioden i Norge» 1750-1850 og er også representative for utviklinga i skjeremåtar i perioden (jf. fig. 13)

### Lokale produsentar

Del objekt knytt til *lokale produsentar er låg. Berre 38 av 148 objekt eller 25 % kan knyttast til kjende, lokale produsentar (jf. fig. 14)*

### Lokale grupperingar

*Utvalet har en ein middels stor del objekt knytt til lokale grupperingar. 58 % av objekta i utvalet er kjøpt inn av Lom heimbygdslag og Lom kommune først på 1920-talet (jf. fig.4). Den store summen ein måtte betale og den sentrale stillinga utvalet hadde i oppbygginga av Lom Bygdamuseum, peikar på den særlege verdien desse gjenstandane hadde som markørar for ein gruppeidentitet knytt til den lokale, førindustrielle bondekulturen.*

### Periodetilknyting

*Del objekt knytt til «Den klassiske Folkekunstperioden i Norge» ca. 1750-1850 kan karakteriserast som høg. 67 % av objekta er frå perioden (jf. fig.10) Perioden er også samanfallande med sluttfasen i den homogene, førindustrielle bondekulturen. Objekta har i tillegg middels sterk tilknyting til sein 1800- og tidleg 1900-talet då interessa for innsamling av gjenstandar frå det førindustrielle bondesamfunnet skaut fart. 58 % av utvalet er samla inn i denne perioden, alle frå samlinga ved Lom bygdamuseum (jf. fig.4).*

### Tilknyting til stilartar

*Del objekt knytt til bestemte kunsthistoriske stilartar er middels stor. 38 % av objekta kan katagoriserast som barokk, regence, rokkoko, med rokkoko som den dominerande stilarten i perioden*

1750-1800. Empire og rokkoko-empire stilblanding i perioden etter 1800 utgjør 14 %. Objekt med skurd i rennessansestil utgjør 5 % (jf. fig. 12).

### Konklusjon

Den historiske verdien av utvalet blir vurdert som middels stor til høg med ein låg del objekt knytt til berre 1 parameter, en middels stor del objekt knytt til 4 parametrar og en høg del objekt knytt til 2 parametrar (Fig. 22 & 23).

| Parametrar for historisk verdi           | Del objekt |              |     |
|--|------------|--------------|-----|
|  | Høg        | Middels stor | Låg |
| Stadstilknyting, generelt                | X          |              |     |
| Stadstilknyting, lokale skurdtradisjonar |            | X            |     |
| Stadstilknyting, lokale produsentar      |            |              | X   |
| Tilknyting til lokale grupperingar       |            | X            |     |
| Periodetilknyting, klassisk folkekunst   | X          |              |     |
| Periodetilknyting, innsamling            |            | X            |     |
| Tilknyting til stilarter                 |            | X            |     |

Fig. 22: Del objekt knytt til seks parametrar for historisk verdi.

|                        | Høg | Middels | Låg |
|------------------------|-----|---------|-----|
| <b>Historisk verdi</b> | X   | X       |     |

Fig. 23: Utvalet sin historiske verdi

### Estetisk og kunstnarleg verdi

Denne type verdi skal m.a. vurderast etter om samlinga:

1. er eit godt eksempel på ein stilperiode, design eller ein kunstnar sitt verk
2. er ekstraordinær eller innoativt med omsyn til design, form eller funksjon
3. er eit godt eksempel på ei utvikling til ein kunstnar eller «ein kunstnarleg skole» eller trend
4. har høg grad av kreativitet, originalitet, handverk eller teknikk i utforminga si.
5. Blir objekta i utvalet opplevs som vakre, tiltalende, velproporsjonerte?

Punkta overlappar til dels det som alt er omtala under «Historisk verdi».

Ad.1.

Del objekt knytt til stilperiode/stilarter blei under «Historisk verdi» karakterisert som middels stor.

Ad 2.

Det er ikkje funne eksempel på objekt som kan karakteriserast som ekstraordinære

Ad 3.

Del objekt knytt til ein bestemt «Trend» blei karakterisert under «Historisk verdi, lokale skurdtradisjonar» som middels stor.

Ad 4

Nokre objekt med høg grad av originalitet eller høg kvalitet på handverket skil seg ut. Men talet er ikkje stort nok til at heile significanceutvalet kan seiast å ha desse eigenskapane. Berre 23 (Lom BM: 16. Lesja BM: 2 og Jutulheimen: 5) av 148 objekt eller 15 % fell innfor denne gruppa. Del objekt knytt til parameteret «originalitet» og «særleg godt handverk» er låg.

Ad 5.

Til gruppa av «vakre» og «tiltalende» objekt hører objekta med kjend lokal produsent (fig. 14, 22) og objekt med ein særleg kvalitet og originalitet. Dei utgjer ein låg del på til saman maks. 25 % av utvalet.

### Konklusjon

Utvalet sin estetiske og kunstnarlege verdi kan karakteriserast som låg til middels med låg del objekt knytt til tre parametarar og middels stor del objekt knytt til to andre parametarar (fig. 24 & 25)

| Parametrar for kunstnarleg og estetisk verdi                              | Del objekt |              |     |
|---|------------|--------------|-----|
|   | Høg        | Middels stor | Låg |
| Tilknytning til stilartar   |            | X            |     |
| Ekstraordinær eller innovativ med omsyn til design, form eller funksjon?  |            |              | X   |
| Tilknytning til ein bestemt «Trend». Lokale skurdtradisjonar/akantusskurd |            | X            |     |
| Originalitet eller høg handverksmessig kvalitet i skurden                 |            |              | X   |
| Vakre og tiltalende objekt  |            |              | X   |

Fig. 24: Del objekt knytt til 5 parametarar for kunstnarleg og estetisk verdi

|   | Høg | Middels | Låg |
|---|-----|---------|-----|
| <b>Estetisk &amp; kunstnarleg verdi</b> |     | X       | X   |

Fig. 25: Utvalet sin kunstnarlege og estetiske verdi

### Kunnskaps- og forskingsverdi

Kunnskaps- og forskingsverdiane skal m.a. bli vurderte etter

1. om utvalet er av interesse for forskarar i dag eller i framtida? Kan samlinga vera ei viktig kjelde til kunnskap som ikkje finst andre stader?
2. om utvalet gjev oss viktig kunnskap om tidlegare tiders handverk og teknikkar
3. om utvalet er ei viktig «brikke» i ein spesiell prosess, teori eller oppdaging
4. om utvalet er teke vare på grunn av informasjonen som kan lesast ut av den, som dokument, bøker og naturhistoriske artar

Ad 1.

Del objekt knytt til denne parameteren er låg. Gjeld det eit studium av lokalt tilknytt, vanleg bygdehandverk, kan utvalet ha ei viss interesse for forskarar som eksempelmateriale. Gjeld det interesse for produksjonen til dei kjende treskjerarane og bygdehandverk på eit høgt kunstnarleg nivå, vil berre ein liten del av samlinga ha interesse som forskingsobjekt. Berre 25 % av utvalet kan

knyttast til kjende treskjerar, og berre 15 % kan kallast å ha høg kunstnarleg eller handverksmessig verdi. Tilknytinga til desse parametra er låg.

Ad 2.

Utvalet gjev informasjon om tidlegare tiders skurdteknikkar og det tradisjonelle bygdehandverket. Heile 63 % av objekta kan knyttast til dei lokale skurdtradisjonane - ei middels stor tilknyting. Denne informasjonen er ikkje eineståande. Det finst alt ei stor mengd studium om bygdehandverk og skurdtradisjonen. Informasjonen kan likevel vera viktig i samband med å kaste lys over lokale stil- og formvariasjoner i skurd og annan dekor.

Ad 3 & 4.

Talet på objekt som kan karakteriserast som "viktige brikker..." og "bevaring pga. Informasjonsinnhald", er null.

### Konklusjon

Kunnskapsverdien til utvalet og verdien for forskarar kan karakteriserast som låg med låg del objekt knytt til tre av fire parametarar og middels stor del objekt knytt til berre ein parameter (fig. 26 & 27).

| Parametrar for kunnskap og forskning                          | Del objekt |              |     |
|---|------------|--------------|-----|
|   | Høg        | Middels stor | Låg |
| Interesse for forskara i dag eller i framtida                 |            |              | X   |
| Viktig kunnskap om tidlegare tiders handverk og teknikker     |            | X            |     |
| Viktig "brikke" i ein spesiell prosess, teori eller oppdaging |            |              | X   |
| Verna pga. informasjonsinnhald                                |            |              | X   |

Fig. 26: Del objekt knytt til fire parametarar for kunnskap og forskning

|                                     | Høg | Middels | Låg |
|-------------------------------------|-----|---------|-----|
| <b>Kunnskaps- og forskingsverdi</b> |     |         | X   |

Fig. 27: Utvalet sin kunnskaps- og forskingsverdi

### Sosial og åndeleg verdi

I significancemetodikken skal vektlegging av sosial og åndeleg verdi alltid vera knytt til notida og til ei gruppe. Samlingar som har vore viktige for ei gruppe i tidlegare tider, fell derfor innfor det som kallast historisk verdifullt. Objekta frå Lom innkjøpt av Lom heimbygdslag og Lom kommune som er omtala over, er eksempel på dette. Desse objekta har i dag framleis verdi for heimbygdslaget og kanskje for fleire i lokalsamfunnet.

Det gjeld generelt at objekta uansett om det er folkekunst eller ikkje, er høgt verdsatt av medlemmane i dei lokale historielaga: Lom heimbygdslag, Vågå historielag og Lesja bygdemuseum. Det er gjenstandane og bygdetunets hus som er fellesnemnaren deira, det man «samlas om». Slik sett er objekta identitetsmarkørar og medverkande til å gi lokallaga «samanhengskraft». Prosjektet har på grunn av tidsmangel ikkje sett meir på dette. Vurderinga her er berre basert på dei erfaringane museumstilsette gjennom tida har gjort seg i forhold til dei «lokales» forhold til samlingane deira. Derfor blir svaret på spørsmåla om den sosiale og åndelege verdien berre, og inn til nærare undersøkingar er gjort, et hypotetisk «ja»:

1. Har objektet eller samlinga ein spesiell religiøs, åndeleg, politisk eller sosial verdi for ei gruppe i dag? I tilfelle ja, kvifor er det viktig for gruppa?
2. Er det spesielle idear, skikkar, tradisjoner eller praksis assosiert med samlinga for ein skilde grupper?

### Konklusjon

Slik blir den sosiale og åndelige verdien vurdert til mellom middels til høg låg med ein låg del objekt knytt til to av to parametrar. (Fig. 28 & 29)

| Parametrar for sosial og åndeleg verdi   | Del objekt |              |     |
|--|------------|--------------|-----|
|  | Høg        | Middels stor | Låg |
| Spesiell religiøs, åndelig, politisk eller sosial betydning for en gruppe i dag                | (X)        | (X)          |     |
| Spesielle ideer, skikker, tradisjoner eller praksiser assosiert med samlingen for noen grupper |            |              | X   |

Fig. 28: Del objekt knytt til to parametrar for sosial og åndeleg verdi

|                         | Høg | Middels | Låg |
|-------------------------|-----|---------|-----|
| Sosial og åndeleg verdi | (X) | (X)     |     |

Fig. 29: Utvalet sin sosiale og åndelige verdi

### Verdivurdering for dei fire hovudkriteria. Samandrag

Utvalet blir, jf. omtalen over, vurdert til å ha mellom til høg historisk verdi; låg til mellom estetisk og kunstnarleg verdi; låg kunnskaps- og forskingsverdi og låg sosial og åndeleg verdi (fig. 30).

|                              | Høg | Middels | Låg |
|------------------------------|-----|---------|-----|
| Historisk verdi              | X   | X       |     |
| Estetisk & kunstnarleg verdi |     | X       | X   |
| Kunnskaps- og forskingsverdi |     |         | X   |
| Sosial og åndeleg verdi      | (X) | (X)     |     |

Fig. 30: Utvalet sin verdi delt på dei fire hovudkriteria

Vidare skal vi sjå om desse verditilskrivningane vil bli modererte av dei «samanliknande kriteria».

### Samanliknande kriterium

Dei samanliknande kriteria kan ikkje åleine gje eit utval verdi. Dei tener til å justere verdien av hovudkriteria opp eller ned. Slik er dei samanliknande kriteria uttrykk for ein sekundær, supplerande verdi, ein tilleggsvardi.

### Proveniens

Proveniens omfattar opplysningar om eit objekts eller eit utvals dokumenterte kjede av eigarskap eller livshistorie, inkludert tidlegare eigarar, opphav og brukssamanheng. Manglar denne livshistoria heilt, vil det også mangle grunnlag for å vurdere den historiske verdien tilfredsstillande. For å avgjera kva slags proveniens utvalet har kan ein stille desse spørsmåla:

1. Er utvalet eller delar av det spesielt godt dokumentert i høve til liknande objekt eller samlinger?
2. Er alle objekta sin proveniens kjende?
  - a. kjend stadtilknytning
  - b. kjend siste gjevar/eigar/seljar
  - c. kjend produsent
  - d. kjend datering
3. Er opphavet til utvalet godt dokumentert?
4. Er proveniensen på utvalet troverdig?

Ad 1.

Ein høg del av utvalet er «godt dokumentert..». Som nemnt under «Revisjon» er utvalet blitt oppdatert med opplysningar innan 26 kategoriar. Opplysningar som har verdi for proveniensen, har blitt gjeve særleg merksemd. Desse objekta er derfor å sjå på som betre dokumenterte enn dei andre folkekunstopjekta ved museet.

Ad 2.

En høg del av utvalet har «kjend stadtilknytning» og «kjend siste eigar..». Stadtilknytninga er kjend for knapt tre fjerdedelar av utvalet (fig. 8 & 9). Siste gjevar/eigar/seljar er kjend for 78 % av utvalet (fig. 4). Kven som laga objekta, er mindre kjend. Talet på objekt med «kjende produsentar», er lågt og utgjør berre 25 %. Talet på objekt med «kjend datering (periodisering)» er høgt. Periodisering for produksjon er truleg sikker for 97 % eller 145 av 148 objekt (fig. 10 & 11).

Ad 3.

For ein middels stor del av utvalet er «Opphavet til utvalet godt dokumentert». Berre opphavet til 58 % av utvalet er særleg godt dokumentert gjennom katalogar og brevveksling. Dette gjeld samlinga frå Olav Aukrust som blei kjøpt inn av Lom heimbygdslag og Lom kommune først på 1920-talet, jf. kapitlet «Samlingshistorikk...».

Ad 4.

En høg del av utvalet har «truverdig» proveniens. Opplysningar om siste gjevar/eigar/seljar er sikre for 78 % av utvalet. Produksjonsstad er sikker for knapt 75 %. Datering (periodisering) er truleg sikker for 97 % av samlinga.

## Konklusjon

Tilleggsverdien for proveniens er høg, med ein høgt del objekt på 5 av 7 parametarar (fig. 31 og 32).

| Parametrar for proveniens   | Del objekt |              |     |
|---|------------|--------------|-----|
|   | Høg        | Middels stor | Låg |
| Godt dokumentert i forhold til lignende objekter eller samlinger? | X          |              |     |
| Stedstilknypningen kjent  | X          |              |     |
| Siste giver/eier/selger er kjent                                  | X          |              |     |
| Produsenter kjent   |            |              | X   |
| Datering (periodisering) antatt kjent                             | X          |              |     |
| Opprinnelse til utvalet godt dokumentert                          |            | X            |     |
| Troverdig proveniens  | X          |              |     |

Fig. 31: Del objekt knytt til 7 parametarar for proveniens

|                   | Høg | Middels | Låg |
|-------------------|-----|---------|-----|
| <b>Proveniens</b> | x   |         |     |

Fig. 32: Tilleggsverdi for proveniens

### I kva grad er utvalet sjeldant og representativt

For å få greie på i kva grad utvalet er sjeldant eller representativt skal desse spørsmåla, iflg. metoden svarast på:

1. Er utvalet representativt i høve til tid og rom?
2. Skil utvalet eller delar av det seg ut ved å ha sjeldne kvalitetar?
3. Er utvalet eller delar av det eineståande, unikt eller truga?
4. Er samlinga særleg godt dokumentert?

#### Ad 1.

I kapitlet «I kva grad er utvalet representativt» er det gjort detaljert greie for dette. Her kom det fram at 57 % av utvalet speglar hovudtendensen i stilutviklinga i Nord-Gudbrandsdalen (fig. 12). 63 % av utvalet var representativt for dei dominerande lokale skurdtradisjonane, flatskurd og akantusskurd (fig. 13). 67 % var representativt for perioden som er kalla «Den klassiske Folkekunstperioden i Norge» ca. 1750-1850. Slik er ein middels stor del av objekta representative for «stilutviklinga» og «lokale skurdtradisjonar» og ein høg del innafor «Den klassiske Folkekunstperioden i Norge» (fig.33).

#### Ad 2 & 3.

I vurderinga av hovudkriteriet «Kunstnarleg og estetisk verdi» kom det fram at eit mindre tal objekt med høg grad av originalitet eller handverkskvalitet i skurden stakk seg ut. Det er det nærast ein kjem i utvalet som kan kallast «sjeldant» og har «unisitet». Gjenstandane som er «sjeldne» og har «unisitet» utgjer ein låg del, berre 15 % av utvalet.

#### Ad 4.

Spørsmålet synes ikkje å ha nokon relasjon til i kva grad utvalet er sjeldant/representativt. Det er i tillegg alt stilt i samband med «proveniens». Her blei det vurdert at samlinga var godt dokumentert i høve til liknande samlingar.

### Konklusjon

Tilleggsverdien for « i kva den grad utvalet er sjeldant/representativt» er middels med ein middels stor del objekt knytt til to av fire parametrar og med låg, respektivt høg del knytt til ein parametrar kvar (fig. 33 & 34).

| Parametrar for « i kva grad utvalet er sjeldant/representativt» | Del objekt |              |     |
|---|------------|--------------|-----|
|   | Høg        | Middels stor | Låg |
| Stilutviklingen   |            | X            |     |
| Lokale skurdtradisjonar   |            | X            |     |
| «Den klassiske Folkekunstperioden i Norge»                      | X          |              |     |
| Sjeldenhet, unisitet  |            |              | X   |

Fig. 33: Del objekt knytt til fire parametrar for « i kva grad utvalet er sjeldant/representativt»

|                                      | Høg | Middels | Låg |
|--------------------------------------|-----|---------|-----|
| <b>Sjeldenhet, representativitet</b> |     | X       |     |

Fig. 34: Tilleggsverdi for « i kva grad utvalet er sjeldant/representativt »

### Tilstand og heilskap

For å vurdere verdien av tilstanden og heilskapen av utvalet blir følgjande spørsmål stilte:

1. Er tilstanden god i høve til liknande objekt/samlingar?
2. Er utvalet eller delar av det intakt eller komplett?
3. Er tilstanden original, uendra; er reparasjonar, endringar eller bruksspor synlege? Har restaurering vore utført av fagfolk?
4. Utgjer einiskiddelar i utvalet til saman ein tilfredsstillande heilskap?

#### Ad 1.

Av 148 objekt treng berre 21 ein eller annan form for tiltak, detaljert omtala i kapitlet «Tilstand og miljø». Tilstanden for dei andre objekta fell under kategorien «utstillingsklar» og «mindre skadd» og utgjer ein høg del, 86 % av utvalet. Objekt i den kategorien som er nemnt sist, har i dei fleste tilfeller berre mindre skader etter bruk, i form av riper, avslite måling, rust o.l. Tilstanden til utvalet sett i høve til liknande objekt (folkekunstobjekt) ved museet er ikkje undersøkt.

#### Ad 2.

Samlinga er delvis ikkje komplett med omsyn til sett av høvre/bogtre som høyrer saman. I 17 tilfelle manglar bogtre tilhøyrande høvre, og i 46 tilfelle manglar eitt av bogtrea i eit bogtrepår. I alt blir det 63 høvre-bogtre som ikkje er komplette, dvs. 42 % av utvalet. Talet på komplette objekt er 58 %, dvs. middels stor.

#### Ad 3.

Tilstanden ser ut til å vera original med dei opphavelege slitasjespora og mindre skader. Berre tre av gjenstandane kan sjå ut til å vera måla om (LT00724.00; VHV0308; VHV2696). Truleg er det gjort medan dei har vore i bruk på 1800-talet og har fått måling i samsvar med den rådande trenden i perioden. Berre i eitt tilfelle veit vi at ommålinga har blitt gjort på 1900-talet (LT-02672.00). Nær 100 % av utvalet har original tilstand med synlege bruksspor.

#### Ad 4.

Spørsmålet er ikkje relevant i denne samanhengen. Utvalet består ikkje av einiskilde delar frå eit samansett objekt.

### Konklusjon

Tilleggsverdien for «Tilstand og heilskap» er høg, med ein høg del objekt knytt til to av tre parametrar (fig. 35 & 36).

| Parametrar for tilstand og helhet                                | Del objekt |              |     |
|--|------------|--------------|-----|
|  | Høg        | Middels stor | Låg |
| God tilstand i forhold til andre eller liknende objekt/samlinger | X          |              |     |
| Intakt, komplett utval   |            | X            |     |
| Original tilstand, synlige endringer og bruksspor                | X          |              |     |
|  |            |              |     |

Fig. 35: Del objekt knytt til tre parametrar for tilstand og heilskap



|                    | Høg | Middels | Låg |
|--------------------|-----|---------|-----|
| Tilstand og helhet | X   |         |     |

Fig. 36: Tilleggsverdi for tilstand og heilskap

### I kva grad er utvalet relevant for museet

For å vurderde i kva grad verdien av utvalet er relevant for museet blir følgjande spørsmål stilte:

1. Korleis er utvalet relevant for museet sine formål, visjon, samlingspolitikk og visjonar?
2. Har samlinga ein spesiell status i museet sin relasjon til andre objekt/samlingar?
3. Har plassering og kontekst noko å seie for kor stor grad utvalet er relevant?
4. Kjem det førespurnad om materialet til museet frå folk flest eller for forskning? Er samlinga publisert/ er det attgjeve bilete i publikasjonar, på sosiale medium eller liknande?
5. Blir samlinga brukt til formidling, utstillingar eller undervisning, eller er det planlagt brukt? Har samlinga ei særleg rolle i utstillingar? Blir det publisert noko, eller er det planlagt?
6. Er det avgrensingar knytt til bruk av samlinga ved klausuleringar, opphavsrett eller personvern?
7. Er nokon av objekta etisk eller moralsk problematiske?
8. Genererer objekt/samlinga inntekter til organisasjonen? Trekkjer objekt/samlinga folk? Er samlinga avgjerande for omdømet til organisasjonen? (PR; spin-off)

#### Ad 1.

Det vart grundig gjort greie for i kor stor grad utvalet er relevant for museet i kapitlet «I kva grad er utvalet relevant». Det blei konkludert med at heile utvalet ligg innafor det som museet skal ta vare på, både etter eldre og dei nyaste dokumenta som gjeld. Når det har vore så enkelt å avgjera om utvalet er relevant, kjem det av at vedtektene for museet har vore så vide at dei femnar om det meste. Delen av objekt som er relevant for museet, er høg.

#### Ad 2.

Ein middels stor del av utvalet, 58 %, er objekt frå Aukrust-samlinga. Objekt frå denne samlinga har ein heilt annan status enn dei andre samlingane til museet. Dei utgjer sjølve etableringsgrunnlaget for Lom bygdamuseum og er den største og mest varierte samlinga av folkekunstobjekt som museet eig. Samlinga er omtala fleire gonger tidlegare, m.a. i kapitlet «Samlingshistorikk..». Dei andre objekta i utvalet har ikkje nokon liknande historikk og status å vise til. Men i samsvar med dei funna som er gjorde i signicanceprosjektet, bør dei kanskje få det. Folkekunstobjekt frå 17- og 1800 talet utgjer truleg ei av dei største tematiske samlingane som museet eig. Slik sett vil eller bør heile utvalet ha ein annan kvalitativ status i museet.

Alle gjenstandane i utvalet er plasserte på eit av dei tre bygdemusea. Plasseringa verkar såleis ikkje i negativ retning inn på i kva grad objekta er relevante for museet.

#### Ad 3.

Utvalet si tilknytning til det lokale, lokale skurdtradisjonar, stilutvikling m.m. er med å byggje under kor relevant utvalet er for museet. Dette er grundigare omtala i kapitla «Omfanget av samlinga, tema..», «Kontekst» og «Stadtilknytning». Delen av objekt med lokal tilknytning blei her omtala som middels høg (Fig, 22).

Ad 4.

Utvalet er berre publisert på digitalt museum. Det er ikkje registrert nokon førespurnad frå publikum eller forskarmiljø når det gjeld dette utvalet. I samband med å trekkje til seg merksemd frå allmugen eller forskarmiljøet har utvalet fram til d.d. ikkje vore relevant. Talet på objekt som har vore etterspurt er lågt.

Ad 5.

Utvalet har vore lite brukt i formidling, utstillingar og undervisning. Det er heller ikkje planlagt slik bruk i framtida. Det er ikkje publisert eller planlagt å publisere noko frå utvalet.

Ad 6 & 7.

Det er ikkje knytt avgrensingar til bruken av utvalet gjennom klausuleringar eller etiske, moralske forhold som kan gjera det vanskeleg å bruke det aktivt i museumssamanheng. Talet på objekt utan avgrensingar er høgt (100 %).

Ad 8.

Utvalet genererer ikkje inntekter til organisasjonen. I samband med ei utstilling av ein del objekt i 2016 viste det seg å vera eit inntektspotensiale, og objekta trekte til seg publikum i mindre omfang. Utvalet er lite kjent for eit breiare publikum, kanskje ikkje for nokon. Dermed er det naturleg å tru at det ikkje har nokon avgjerande verdi for omdømmet til museet. Talet på objekt som genererer inntekter er lågt (null %).

### Konklusjon

Tilleggsverdien for «i kva grad utvalet er relevant for museet» er låg til middels, med ei låg del objekt knytt til tre av sju parametarar, ein middels del objekt er knytt til to parametarar og ein høg del er knytt til to parametarar (fig. 37 & 38).

| Parametarar for «i kva grad utvalet er relevant»                  | Del objekt |              |     |
|---|------------|--------------|-----|
|   | Høg        | Middels stor | Låg |
| Relevans for museets formål, visjon, samlingspolitikk og visjoner | X          |              |     |
| Spesiell status i museet i relasjon til andre objekter/samlinger  |            | X            |     |
| Plassering eller kontekstens betydning for utvalets relevans      |            | X            |     |
| Henvendelser fra publikum eller forskermiljøer                    |            |              | X   |
| Publisering samt bruk i formidling, utstillinger og undervisning. |            |              | X   |
| Kan brukes uten begrensninger (klausuler o.l)                     | X          |              |     |
| Generering av inntekter til organisasjonen                        |            |              | X   |

Fig. 37: Del objekt knytt til 7 parametarar for «i kva grad utvalet er relevant»

|          | Høg | Middels | Låg |
|----------|-----|---------|-----|
| Relevans |     | X       | X   |

Fig. 38: Tilleggsverdi for «i kva grad utvalet er relevant»

### Opplevingsverdi

Ved vurdering av utvalet sin opplevingsverdi blir det stilt to spørsmål:

1. Vekkjer samlinga ei sterk sanseoppleving(lukt/lyd, smak, kjensle, syn) hos publikum?
2. Utstrålar samlinga ein bestemt atmosfære, vekkjer samlinga bestemte minne, attkjenning eller kjensler?

Spørsmåla kan ein ikkje svare på generelt. Svaret vil avhenge av kven som ser og dei føresetnader denne personen har. Kunsthistorikarar og treskjerarar vil utan tvil få ei eiga oppleving ved ialfall å sjå på dei gjenstandane som det er lagt mest arbeid på. Til denne gruppa høyrer objekta med kjend lokal produsent og objekt med ein særleg kvalitet og originalitet, nemnt i kapitla «Historisk verdi» og «Kunstnarleg og estetisk verdi» (fig. 14, 22, 25). Dei utgjer ein låg del på maksimum 25 % av utvalet. Korleis publikum generelt vil oppleve gjenstandane, er uvisst. Berre ei publikumsundersøking i samband med ei utstilling i framtida kan fortelje oss om dette.

### Konklusjon

Opplevingsverdien er låg med ei låg del objekt knytt til to av to parametarar (Fig. 39 & 40).

| Parametrar for opplevingsverdi | Del objekt |              |     |
|--------------------------------|------------|--------------|-----|
|                                | Høg        | Middels stor | Låg |
| Sanseopplevelse                |            |              | X   |
| Atmosfære                      |            |              | X   |

Fig. 39: Del objekt knytt til to parametarar for opplevingsverdi

|                        | Høg | Middels | Låg |
|------------------------|-----|---------|-----|
| <b>Opplevingsverdi</b> |     |         | X   |

Fig. 40: Tilleggsverdi for oppleving

### Verdivurdering for dei 5 samanliknande kriteria. Samandrag

Utvalet er vurdert til å ha ein høg tilleggsverdi for «proveniens», middels tilleggsverdi for «i den grad utvalet er representativt og sjeldant», høg tilleggsverdi for «tilstand og heilskap»; låg til middels tilleggsverdi for «i kva grad utvalet er relevant»; og låg tilleggsverdi for opplevingsverdi» (fig. 41).

|                                      | Høg | Middels | Låg |
|--------------------------------------|-----|---------|-----|
| <b>Proveniens</b>                    | X   |         |     |
| <b>Representativitet, sjeldenhet</b> |     | X       |     |
| <b>Tilstand, helhet</b>              | X   |         |     |
| <b>Relevans</b>                      |     | X       | X   |
| <b>Opplevelsesverdi</b>              |     |         | X   |

Fig. 41: Utvalet sin tilleggsverdi delt på fem samanliknande kriterium

### Vurdering av hovudkriteria og samanliknande kriterium. Samandrag

Med eit høgt tal objekt med truverdig proveniens kan ein vera trygg på utvalet sin herkomst, sitt opphav og korleis det har blitt skapt. Hovudkriteriet «den historiske verdien» som blei vurdert middels til høg (fig. 30) blir derfor understøtta og justert noko opp av den høge proveniensen.

Tilstanden har noko å seie for hovudkriteriet «den kunstnarlege og estetiske verdien». Di meir skadd eit objekt er, di meir vil det vera øydelagt som skal få fram den kunstnarlege og estetiske verdien, form, dekor m.m.. Den høge tilstandsverdien justerer derfor noko opp «den kunstnarlege og estetiske verdien», som tidlegare blei vurdert som låg til middels (jf. fig. 30).

I kva grad utvalet er representativt, har noko å seie for «den historiske verdien». Er objekta ikkje representative for dei ulike aspekta vi har gjort greie for og målt «den historiske verdien» med, då blir også den historiske verdien mindre. Slik vil «den historiske verdien», som blei vurdert som middels til høg, ikkje bli moderert av tilleggsverdien for «i den grad utvalet er representativt, sjeldant», som blei vurdert som middels.

Det samanliknande kriteriet «I kva grad utvalet er relevant», kan av gode grunnar ikkje påverke hovudkriteria. ”I kva grad utvalet er relevant» og hovudkriteria måler nemleg ikkje verdier som kan samanliknas. «I kva grad utvalet er relevant» skal vurderast/målast opp mot museet. Hovudkriteria skal vurdere/måle verdien isolert sett; som historisk dokument, kunstnarleg uttrykk, kjelde til kunnskap eller som identitetsmarkør for eit sosialt eller åndeleg fellesskap.

«Opplevingsverdien», vurdert som låg, endrar ikkje verdien til hovudkriteriet «den kunstnarlege og estetiske verdien» som blei vurdert som låg til middels. Høve til å moderere andre hovudkriterium har den ikkje.

Oppsummert, med grunnlag i det som står over, blir verdien av hovudkriteria noko høgda med ein tilleggsverdi på «den historiske verdien» og «den kunstnarlege og estetiske verdien». Kor mykje kan ikkje signifikansmetoden svare eksakt på. Som tidlegare nemnt er ikkje denne ein kvantitativ metode (Fig. 42).

|   | Høg | Middels | Låg |
|---|-----|---------|-----|
| <b>Historisk verdi</b>                        | X   | X       |     |
| <b>Tilleggsverdi: Høg proveniens</b>          | +   |         |     |
| <b>Estetisk &amp; kunstnerisk verdi</b>       |     | X       | X   |
| <b>Tilleggsverdi: Høg verdi på «tilstand»</b> | +   |         |     |
| <b>Kunnskaps- og forskningsverdi</b>          |     |         | X   |
| <b>Sosiale og åndelig verd</b>                | (X) | (X)     |     |

Fig. 42: Verdien av utvalet delt på dei fire hovudkriteria med tilleggsverdiar

Vurderinga har vist at utvalet har størst verdi som historisk dokument og i noko mindre grad pga. kunstnarlege og estetiske kvalitetar. Den sannsynlege sosiale og åndelege verdien blir satt i en parantes p.g.a. det mangelfulle vurderingsgrunnlaget, jmf. avsnittet «sosial og åndeleg verdi».

## Konklusjon og samandrag

Significanceanalysen viser kvar utvalet har sine ”sterke og svake sider»; utvalet sin verdi, som historisk dokument, kunst/estetikk, kunnskapsformidlar og som eit element med særleg sosial eller åndeleg verdi for ei bestemt gruppe menneske. Slik viser analysen også dei grunnar museet kan ha for å ta vare på eller ikkje ta vare på dei vurderte gjenstandane.

Analysen sine funn har gjort det klart at utvalet si «sterke side» er «den historiske verdien». Utvalet viser dei rådande lokale skurdtradisjonane, utviklingsfasane i «Den klassiske folkekunstperioden i Norge» og skifte av stilartar på 17- og 1800-talet. Utvalet fortel oss også om den vaknande interessa for innsamling av gjenstandar frå det førindustrielle bondesamfunnet på slutten av 1800-talet og først på 1900-talet. Over halvdel av utvalet sine objekt er samla inn i denne perioden. Det blei i

tillegg vist at utvalet har ein høg proveniens som styrkar «den historiske verdien». I samsvar med dette blei utvalet sin «historiske verdi» vurdert som middels høg.

Det blei også klart at utvalet ikkje har noko stor mengd med objekt med kunstnarleg eller estetisk verdi. Berre eit fåtal objekt viser originalitet og høg handverkskvalitet eller har særskilte kvalitetar i form og estetikk. Den relativt gode, intakte tilstanden til objekta var likevel med og løfta den estetiske verdien noko. Utvalet sin «estetiske og kunstnarlege verdi» blei slik vurdert som låg til middels. Når det gjeld den åndelege og sosiale verdien til utvalet, blei det klart at objekta i dag ikkje fungerer som aktive markørar for lokale grupperingar. Utvalet kan derfor ikkje seiast å ha nokon sosial eller åndeleg verdi. Verdien blei vurdert til låg.

Ein middels stor del av objekta er knytt til dei dominerande lokale skurdtradisjonane på 17- og 1800-talet. Utover å ha historisk verdi kan dei også ha ei viss interesse for forskarar som eksempelmateriale. Om dei er i stand til å fortelje noko avgjerande nytt om skurdtradisjonane, er meir tvilsamt. De største interessa for forskarar kan ein tenkje seg er dei objekta som er produserte av dei lokale, kjende treskjerarane og objekt som representerer bygdehandverk på eit høgt kunstnarleg nivå. Ti saman utgjer desse ikkje over 25 % av utvalet. Utvalet sin «kunnskaps- og forskingsverdi» blei derfor vurdert til låg.

Significanceanalysen har først og fremst omtala «dei sterke og svake sidene» og verdien av utvalet som heilskap. Men analysen har i tillegg vist at utvalet har mindre «delmengder» av objekt med særleg verdi. Her skil objekta som er ein del av Aukrust-samlinga seg ut, objekt som har ein kjend lokal produsent og objekt med dei dominerande lokale skurdtypene, flatskurd og akantus.

Aukrust-samlinga sin verdi ligg på fleire plan. Innsamla først på 1900-talet er samlinga eit vitne om den vaknande interessa i tida for innsamling av gjenstandar frå det førindustrielle bondesamfunnet. Samlinga har også ein heilt annan status enn dei andre samlingane til museet. Ho utgjer sjølve etableringsgrunnlaget for Lom bygdamuseum og er den største og mest varierte samlinga av folkekunstobjekt som museet eig.

Objekta som har ein kjend, lokal produsent, er ein eigen kategori, både ved tilknytninga til kjende lokale produsentar og ved skurden sine kunstnarlege og estetiske kvalitetar. Stadtilknytninga til handverkarane gjer i tillegg objekta verdifulle i ein lokal samanheng som representantar for ein høgt utvikla lokal handverksproduksjon.

Objekt med dei to dominerande skurdtypene utgjer berre ein middels stor del av utvalet. Men for seg sjølv, som delmengde i utvalet, er dei i høg grad av historisk verdi. Objekta er jamt delte på alle fasane i «Den klassiske folkekunstperioden i Norge» 1750-1850 og er også representative for utviklinga i måten å skjere på i perioden. Akantusutvalet har også god spreining innafor dei fleste stilhistoriske kategoriane, inklusiv overgangsfasane der fleire stilartar er blanda.

Analysen har vist at utvalet har sin største verdi som historisk dokument og i noko mindre grad på grunn av kunstnarlege og estetiske kvalitetar. Men den historiske verdien som ligg på eit kontinuum frå middels til høg, er åleine nok til å gje utvalet status som ei verdifull, prioritert delsamling. Det tyder at det er ei samling som bør få best mogleg førebyggjande oppbevaringstilhøve og at tiltak for skadde objekt blir fylgt opp.

## Tiltak og bortkomne objekt

- Berre 21 objekt har ein tilstand som krev tiltak. Objekta har behov for ulike tiltak etter skadetype og omfang. Det kan vera observasjon, reparasjon eller konserverande tiltak. For objektnummer og tiltak sjå vedlegg 8 «Objekt med behandlingsbehov».
- Utvalet bør flyttast til magasin som har tilfredstillande brann-, tjuveri- og klimasikring
- Gjere resten av folkekunstobjekt ved dei tre avdelingane, inklusive Aukrustsamlinga, til *ein* prioritert delsamling når det gjeld oppbevaring, registrering og dokumentasjon. Objekta bør opp på same nivå som utvalet i significanceanalysen. Dette gjeld både tilstandsrevisjon, proveniens, fotodokumentasjon og beskriving.
- Fire objekt er ikkje attfunne: LBY0167, LBY0433, LBY0441, LT0753.00

## Erfaringar

For å få til eit truverdig resultat er det ein føresetnad at alle steg i significanceanalysen systematisk blir tekne i bruk. Ti steg må «bli gjennomløpt» for å få omtala alle viktige fakta om objektet eller samlinga. Vidare må ein gjennom ni steg for å vurdere objekta eller verdien av samlinga. Eit slikt arbeid krev sjølvstekt tid. Men ein får eit truverdig grunnlag for å kunne avgjera den vidare skjebnen til samlinga. Det systematiske og grundige arbeidet har i tillegg ein del verdifulle «spinn-off-effektar».

For å kunne få ein best mogleg omtale av utvalet når det gjeld kjelder, historikk, kontekst m.m. har det blitt grave djupt i alle tilgjengelege protokollar, korrespondanse og databasar. Dette arbeidet har ført til auka kunnskap om objekta. Under gravearbeidet blei det oppdaga manglar, særleg i registreringsopplysningane. Som resultat blei det gjort ei grundig revidering av alle opplysningar i Primus-databasen. Dessutan blei det utarbeidd ei enkel sjekklister for kontroll av manglande registreringsopplysningar i Primus. Ei slik sjekklister vil også kome til nytte i det daglege registreringsarbeidet ved museet (sjå også vedlegg 1 «Sjekklister for Primusfelt»).

Omfattande manglar i omtale av tilstanden til objekta viste eit stort udekt behov for systematisk oppbygd skadeomtale. Til formålet blei det utarbeidd ein skjematisk tilstandsomtale tilpassa kulturhistoriske gjenstandar. Denne vil også kunne vera til nytte i det daglege registreringsarbeidet ved museet (sjå også vedlegg 5 & 6). I samband med oppgraderinga av tilstandsomtalen blei fotodokumentasjonen i Primus oppdatert med ei stor mengd detaljfoto, av m.a. skader. I framtida vil det gjera det enklare å sjekke og samanlikne tilstanden før og no.

Den intensive bruken av Primus i samband med significanceanalysen har også ført til at manglar og svake sider ved sjølve utforminga av Primus har blitt avdekket. På grunn av lydhøre konsulentar på Kultur-it blei det gjort mange forbetringar.

Men ikkje alt var like bra. Felt for «Filreferansar» er eit primusfelt som fortsatt ikkje fungerer optimalt. Vi hadde ønskje om å sette inn filreferansar til rapportar som var felles for heile objektutvalet. Det måtte vi gi opp. Filreferansar kan ikkje settas inn som *ein* operasjon for fleire objekt, men må gjerast objekt for objekt. Heller ikkje felt for «Tilstandsvurdering» har vore optimalt i Primus. Definisjonane som er sett opp i Primus er for breie. Som nemnt i avsnittet «Merknad til analysen» måtte prosjektet derfor innføre tilleggsdefinisjoner.

Det skal og nemnast ein siste spinn-off-effekt. Under arbeidet blei significancemetoden testa i samband med eit tilbod om gjenstandar til museet. For å gjera ei verdivurdering brukande i ein slikt situasjon blei det laga ein skjematisk som berre omfatta dei fire hovudkriteria og dei fem

samanliknande kriteria. Kvart kriterium fekk tildelt tre verdinivå med høve til å krysse av for Høg(H), Middels(M) og Låg(L). På den måten blei det enkelt å få eit nokså godt første oversyn over verdien av dei gjenstandane som blei tilbode. For skjema med «befaringsrapport», sjå vedlegg 4 «Vurdering av gjenstandar etter befaringsrapport».

Bruken av significancemetoden krev faglege føresetnader på ein del område. I den «beskrivende delen» må ein kunne gjera systematiske kjeldesøk og vurdere kjelder når ein f.eks. skal ha tak i historia til samlinga. Skal ein omtale konteksten til samlinga, må ein ha breiare kunnskap om f.eks. stilhistorie, sosiale og økonomiske samanhengar o.l.. Opplæringa og arbeidsoppgåvene i prosjektet blei derfor tilpassa dei ulike faglege føresetnadene til prosjektdeltakarane. For dei med mindre føresetnader blei elementa i «den beskrivende delen» i metoden det viktigaste. Gjennom å delta i registreringsarbeidet blei det her lagt særleg vekt på å gje øving i omtale av form, funksjon, tilstand, datering og fotografering av viktige objekt detaljar (skader, dekor m.m.).

Museet sine tilsette blei i tillegg introdusert for Significancemetoden på eit seminar over to dagar i samarbeid med Haugelandsmusea. Her fekk dei tilsette høve til å prøve heile metoden på eit utval gjenstandar. Seminaret var vellykka. Men ein kan ikkje rekne med at metoden festar seg og blir rutine før han blir teken i bruk og repetert i det daglege arbeidet. Den viktigaste erfaringa å ta med seg frå Significanceprosjektet er at det er datagrunnlaget til samlinga som avgjer samlingsverdien. Di fleire opplysningar som manglar for eit objekt eller ei samling, di svakare grunnlag er det for å vurdere verdien og dermed tillegge verdi. Di mindre ein veit om eit objekt, di mindre verdi vil det ha. Kunnskapsverdien blir mindre; formidlingsverdien og den historiske verdien minkar.

Styrken til significancemetoden er at den set klare og eintydige krav til dokumentasjon av objekt og samlingar. Det stiller til nye krav når museet skal vurdere inntak av nye gjenstandar og til den dokumentasjon som museet alt har samla i Primus. Situasjonen blir grunnleggjande endra ved dokumentasjonskrava. Ein kan ikkje lenger slå seg til ro med å argumentere ut frå generelle vedtekter, formålsparagrafar o.l. for å grunngeva om det er relevant å ta vare på eit objekt. Ein må ha fleire faglege grunngevingar som er baserte på ei lang rekkje fakta om samlinga som let seg kontrollere. Erfaringane frå significanceprosjektet kan oppsummerast slik: Bruk av metoden

- Gjev kompetanseheving
  - Trenar den tilsette i å ta avgjerder og vurdere samlingar på eit nyansert og faktabasert grunnlag
  - Aukar den tilsette sine kunnskapar om objekta gjer den tilsette meir medviten om kor avgjerande datagrunnlaget er for samlinga sin verdi
  - Gjev høve til å utvikle dei daglege rutinane for registrering og samlingsrelevant Informasjonsinnhenting
    - F.eks. ved utarbeiding av skjemamalar til hjelp i det daglege arbeidet med gjenstandar
- Fører til betring av samlingane sitt datagrunnlag
  - Ein analyse vil avdekkje manglar i datagrunnlaget(protokollar, primus m.m.) av verdi for vurdering av objekt/samlingars verdi for museet
- Vil vera med å gjera nyanserte, faglege, faktabaserte grunngevingar til den nye standarden for vurdering av objekt og samlingar

## Vedlegg

1. Sjekkliste for Primusregistreringar
2. Bildrapport
3. Katalograpport med bilde
4. Vurdering av gjenstander etter befaring. Rapport 2016
5. Tilstandsbeskrivelse skjema Mal
6. Tilstandsbeskrivelse. Utfyllt skjema
7. Tilstandsbekrivelse alle objekt
8. Objekt med behandlingsbehov
9. Producentar
10. Produksjon. Stil



## Litteratur

- Anker, Peter M: Norsk Folkekunst. Cappelen 1975
- Anker, Peter: Kister og skrin, 1989
- Assessing Museum Collections. Utg. Cultural Heritage Agency. Ministry of Education, Culture and Science, Netherland, 2014
- Ellingsgard, Nils: Norwegian Rose Painting, 1988
- Engen, Arnfinn: Treskurd og treskjerarar i Gudbrandsdalen, 1998
- Engen, Arnfinn: Musea i Oppland. *Museumsnytt nr. 2 1983*
- Hald, Søren: Fra lokalbeskrivelse til lokalhistorie. *Heimen, 1994*
- Hald, Søren: Magasinplan for Gudbrandsdalsmusea, 2014
- Hegard, Tonte: Romantikk og fortidsvern. Historien om de første friluftsmuseene i Norge, 1984
- Hestsela og sleda. *Heim og bygd, 1991*
- Jutulen. Medlemskrift for Vågå Historielag, 2008.
- Kjelland, Arnfinn: Bygdebog for Lesja, 1996
- Kleiven, Ivar: Gamal bondekultur i Gudbrandsdalen. Lom og Skjåk, 1973
- Kleiven, Ivar: Gamal bondekultur i Gudbrandsdalen. Lesja og Dovre, 1981
- Kleiven, Ivar: I gamle Daagaa. Fortellingo og Bygda-Minne fraa Vaagaa, 1944
- Klingenberg, Ingvar AA. Bondeantikviteter, 2005
- Kolden, Jon: Bygdebok for Lom, 2005
- Magerøy, Else Marie: Norsk treskurd, 1972
- Nordisk folkkunst. Red. Nils Arvid Bringeus og Mats Rehnberg, 1972
- Olsen, Stein Magne: Hestekjøretøy, 2001
- Russel, Roslyn og Winkworth, Kylie: Significance 2.0. A guide to assessing the Significance of Collections, 1972
- Significance 2.0 2015. Vurdering av delsamling fra Gudbrandsdalsmusea. Rapport Gudbrandsdalsmusea, 2015
- Significance 2.0. A guide to assessing the significance of collections, 2009
- Skjåk Ola 250 år. Skjåk kommune, 1985
- Skotte, Ola: Lesja Bygdetun. Litt om starten og dei første åra, u.å.
- Sørbo, Jan Inge: Ørneflukt og ormegård, 2009
- Teigum, Ivar: Bygdebok for Vågå og Sel, 2001
- Tilstandsvurdering av museumssamlinger i Oppland, avd. Lesja, Lom, Jutulheimen, ABM utvikling 2006
- Vurdering av samlinger. Veiledning. Vurdering av kunst- og kulturhistoriske samlinger, Haugelandmuseene, 2016